

Planskildring kommuneplanens arealdel Tysnes kommune 2024-2036



Fotograf: Camilla Korsnes

Innhold

1.	INNLEIING	4
1.1	FØREMÅLET MED KOMMUNEPLANENS AREALDEL - MÅLSETTINGAR FASTSETT I SAMFUNNSDELEN.....	4
1.2	PLANPROSESS	6
1.3	NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR.....	7
1.4	LOKALE FØRINGAR.....	8
1.5	HISTORIKK - TYSNES KOMMUNE SIN KOMMUNEPLAN I PERIODEN 2010-2022	9
1.6	VEGEN VIDARE - SATSINGSOMRÅDA VED RULLERING AV KOMMUNEPLANENS AREALDEL 2024	10
1.7	FOLKETALSUTVIKLING OG FORVENTA BUSTADBEHOV	10
1.8	INDELING I DELOMRÅDE.....	13
2.	GJENNOMGANG AV AREALFØREMÅL OG TEMA	14
2.1	BUSTADER OG FORTETTING.....	19
2.2	FRITIDSBUSTADER	33
2.3	NÆRING OG FRITIDS – OG TURISMEFØREMÅL.....	37
2.4	SMÅBÅTHAMNER	58
2.5	NAUST OG SMÅBÅTANLEGG.....	61
2.6	TRAFIKKTRYGGLEIK	69
2.7	FOLKEHELSE.....	72
2.8	OPPVEKST – SKULE OG BARNEHAGAR.....	82
2.9	MASSEDEPONI OG MASSEUTTAK	83
2.10	SENTRUMSFØREMÅL ONARHEIM	84
2.11	AREALRESERVAR OG TILBAKEFØRING TIL LNF-FØREMÅL	86
2.12	JORDVERN – IVARETAKING AV DYRKA MARK.....	86
2.13	KJERNEOMRÅDE FOR LANDBRUK	87
2.14	KULTURARV - KULTURMINNE OG KULTURLANDSKAP	87
2.15	E39 MELLOM OS OG STORD - NYE MOGLEGHEITER.....	88
2.16	ANDRE DOKUMENT TILHØYRANDE PLANEN	89
2.17	OMSYNSSONER	89
2.18	BANDLEGGINGSSONER	91
2.19	FØRESEGNOMRÅDE.....	91
2.20	GJENNOMFØRINGSSONE	92
3.	SAMLA VERKNAD FOR ALLE MILJØ- OG SAMFUNNSTEMA	93
3.1	SAMLA KONSEKVENNS FOR ALLE MILJØ- OG SAMFUNNSTEMA	94
4.	OPPFYLLER PLANEN STATLEGE OG NASJONALE MÅLSETTINGAR?	95
5.	OPPFYLLER PLANEN SAMFUNNSDELEN SINE MÅLSETTINGAR FOR AREALDELEN?	96
5.1	GODE BUMILJØ FOR FASTBUANDE OG DELTIDSBUANDE.....	96
5.2	MEDVERKA TIL UTVIKLING AV NÆRING OG ARBEIDSPASSAR	97
5.3	SIKRA INNBYGGJARANE TRYGGE OG GODE OPPVEKSTVILKÅR	98
5.4	SIKRA INNBYGGJARANE GODE HELSETILBOD OG VERDIGE RAMMER FOR OFFENTLEG OG PRIVAT OMSORG.....	98
5.5	SIKRA INNBYGGJARANE TILGANG TIL MEININGSFULL FRITID.....	99
5.6	SIKRA INNBYGGJARANE GODE KOMMUNIKASJONAR OG GOD INFRASTRUKTUR.....	99

Figurliste

FIGUR 1: HANDSAMINGSPROSESS - FRÅ PLANPROGRAMMET	6
FIGUR 2: UTVIKLING AV FOLKETALET PÅ TYSNES FRÅ 1953 TIL 2023 KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ.	12
FIGUR 3: FORVENTA UTVIKLING I FOLKETALET PÅ TYSNES FRAM MOT ÅR 2045 KJELDE: VESTLANDFYLKESKOMMUNE - STATISTIKK I VEST.....	12
FIGUR 4: BEFOLKNING PÅ TYSNES I 2023 FORDELT PÅ BIOLOGISK KJØNN OG ALDER. KJELDE: STATISTISK SENTRALBYRÅ.13	
FIGUR 5: KARTET VISER VÅGE OG OMLAND - EKSISTERANDE BUSTADFELT SOM ER UTVIDA, NYE OMRÅDE FOR BUSTAD OG LNF - SPREIDD BUSTAD.	21
FIGUR 6: ONARHEIM SØR - ENDRINGAR I BUSTADFØREMÅL, UTVIDING AV EKSISTERANDE FELT OG NYTT BUSTADFØREMÅL VED KVITEVOLLSNES (NB – KARTUTSNITTA ER PRESENTERT MED ULIK ORIENTERING – SJÅ SVART NORDPIL).	22
FIGUR 7: KARTET VISER NYTT BUSTADFØREMÅL (B 01) PÅ ONARHEIM, NORD FOR SENTRUM.....	23
FIGUR 8: KARTET VISER NYE BUSTADFØREMÅL OG LNF-SPREIDD BUSTAD PÅ LUNDE OG OMLAND.	24
FIGUR 9: DET MARKERTE AREALET PÅ KARTET, LIGG PÅ MALKENES NORDAUST FOR LUNDE. DET VAR SETT AV TIL BUSTADFØREMÅL I FØRRE PLANPERIODE, AREALET VERT IKKJE VIDAREFØRT I NY KPA. DET VERT I STADEN LAGT OPP TIL EI UTVIDING AV EIT MEIR SENTRALT-LIGGJANDE BUSTADFELT PÅ KATTALAND (B02 OG B06 PÅ FØRRE FIGUR FOR ILLUSTRASJON).....	25
FIGUR 10: KARTET VISER NYE BUSTADFØREMÅL PÅ UGGDAL.	26
FIGUR 11: LSB 34 - SØR FOR UGGDAL VED KONGSVIKTJØRNA	27
FIGUR 12: LNF- SPREIDD BUSTAD KARTUTSNITT FRÅ FØRRE PLAN - EIN SER EIT SVÆRT STORT GRØNT BELTE SETT AV TIL LNF – SPREIDD BUSTAD (UTKLIPP KOMMUNEKART.COM).....	28
FIGUR 13: NYTT LNF - SPREIDD BUSTAD PÅ REKSTEREN, DET STORE BELTET I FØRRE KART ER BETRAKTELEG REDUSERT TIL SJU MINDRE OMRÅDE, SENTRERT RUNDT EKSISTERANDE Busetnad OG INFRASTRUKTUR.....	28
FIGUR 14: HÅLANDSNESET - LNF- SPREIDD BUSTAD FØRRE PLANPERIODE (UTKLIPP FRÅ KOMMUNEKART.COM).	29
FIGUR 15: HÅLANDSNESET - LNF- SPREIDD BUSTAD I NY KPA.....	30
FIGUR 16: FLATRÅKER - LNF- SPREIDD BUSTAD I NY KPA.....	31
FIGUR 17: LNF- SPREIDD BUSTAD PÅ SKORPO PÅ AUSTSIDA AV FLAKKAVÅGEN - SITUASJON I FØRRE PLAN (REDIGERT UTKLIPP FRÅ KOMMUNEKART.COM)	32
FIGUR 18: LNF- SPREIDD BUSTAD PÅ SKORPO PÅ AUSTSIDA AV FLAKKAVÅGEN - SITUASJON I NY PLAN, OMRÅDET I SØR ER BETRAKTELEG REDUSERT, MEDAN DET ER LAGT TIL EIT MINDRE AREAL I TILKNYTING LNF-SPREIDD OMRÅDET I NORD.32	
FIGUR 19: ONARHEIM - NYTT FELT FOR LNF - SPREIDD FRITIDSBUSETNAD.	34
FIGUR 20: UTVIDING AV FELT FOR FRITIDSBUSTADER NYBORG SØR FOR ONARHEIM (FB 02).	35
FIGUR 21: HODNANESET - NYTT FELT FOR FRITIDSBUSTADER (FB 01).....	36
FIGUR 22: NYTT NÆRINGSFØREMÅL (NÆ 08) LANGS HUMLEVIKVEGEN LIKE VEST FOR LUNDE.	38
FIGUR 23: NYTT FRITIDS – OG TURISMEFØREMÅL VED KOLØYHAMN, LUNDE (FTU 3 OG # 54).....	39
FIGUR 24: NYTT FRITIDS- OG TURISMEFØREMÅL (FTU5) PÅ LUNDE VED IDRETTSANLEGGET PÅ VASSBAKKEN	40
FIGUR 25: FRITIDS- OG TURISMEFØREMÅL (FTU4) PÅ UGGDAL	41
FIGUR 26: NYTT NÆRINGSAREAL (NÆ 07) VED HUMLEVIKA, FØREMÅLET KAN SJÅAST I SAMANHENG MED ABA-FØREMÅL OG LNF - SPREIDD BUSTAD I SAME OMRÅDET SPILT INN AV SAME FORSLAGSSTILLAR, DET VERT STIL KRAV OM SAMLA PLAN.	42
FIGUR 27: UTVIDING AV NÆRINGSOMRÅDE VED SOLSVIKA PÅ MALKENES MED HAMNEOMRÅDE I SJØ (HOS 02).	43
FIGUR 28: NYTT NÆRINGSFØREMÅL (NÆ 01) PÅ VERNØY, REKSTEREN.	44
FIGUR 29: NYTT NÆRINGSFØREMÅL (NÆ 04) VED FLYGANSVÆRVÅGEN PÅ REKSTEREN.....	45
FIGUR 30: UTVIDING AV NÆRINGSFØREMÅLET VED KUBBERVIK (NÆ 12) PÅ HÅLANDSNESET	46

FIGUR 31: HÅHEIM GARD AUST FOR UGGDAL FÅR NÆRINGSFØREMÅL (NÆ 09) VED RULLERINGA.	47
FIGUR 32: UTVIDINGA AV NÆRINGSOMRÅDE PÅ MYKLESTAD, UGGDAL (NÆ 11).	48
FIGUR 33: UTVIDING AV EKSISTERANDE NÆRINGSOMRÅDE (NÆ 03 OG NÆ 10) OG NYTT HAMNEOMRÅDE I SJØ (HOS 03) I TILKNYTING NÆRINGA.	49
FIGUR 34: UTVIDINGA AV NÆRINGSFØREMÅLET VED ONARHEIMSELVA (NÆ 06) AREALET ER TILTENKT TEKNISK INFRASTRUKTUR.	50
FIGUR 35: NYTT NÆRINGS- OG HAMNEOMRÅDE I SJØ I TILKNYTING NÆRINGA (NÆ 02, HOS 01 OG RU2) PÅ ESPEVIK SØR FOR ONARHEIM.	51
FIGUR 36: VISER NÆ 54, NYTT NÆRINGSAREAL VED LAUKHAMMAR PÅ SKORPO	52
FIGUR 37. AKV 3 VED HAMNA PÅ FLATRÅKER.	53
FIGUR 38: NYTT AFFNF-FØREMÅL NORD FOR REKSTEREN OG JUSTERING AV AFFNF1 SOM LIGG NOKO LENGER SØR, VEST FOR VERNØYA.	54
FIGUR 39: DEI ROSA FELTA LANGS KYSTEN VISER AKVAKULTUR-OMRÅDA SLIK DEI VAR I FØRRE PLANKART, DEI STREKK SEG FRÅ HÅLANDSNESET OG HEILT NED TIL HODNANESET I SØR, MED TO MINDRE OPPHALD I MELLOM (KARTUTKLIPP FRÅ KOMMUNEKART.COM).	55
FIGUR 40: KARTET VISER KORLEIS AKVAKULTUR-AREALA LANGS VESTKYSTEN AV TYSNES VERT I NY PLAN ETTER EI NEDJUSTERING. OMRÅDE LENGST NORD VED HÅLANDSNESET ER FJERNA I SIN HEILSKAP, MEDAN DEI TO OMRÅDA LENGER SØR ER NEDJUSTERT I UTSTREKKING I SØRLEGE ENDE.	56
FIGUR 41: NYTT FØREMÅL LNF- SPREIDD BUSTAD, FRITIDS- OG NÆRINGSBUSSETTING (LS 1) PÅ MALKENES	57
FIGUR 42: SMÅBÅTHAMN (SH 1) VED BRUNTVEIT KAI PÅ REKSTEREN FIGUR 43: UTVIDING AV SMÅBÅTHAMNA (SH 2) VED GJERDSVIKA.	59
FIGUR 44: KARTET VISER NY SMÅBÅTHAMN (SH 3) VED VERNØYA PÅ REKSTEREN.	60
FIGUR 45: SMÅBÅTHAMN (SH21) VED HUMLEVIKA PÅ LUNDE	61
FIGUR 46: MINDRE UTVIDING AV NAUSTOMRÅDET VED FLAKKAVÅGEN.	62
FIGUR 47: ALPAVIKA PÅ LUNDE, DET VERT SETT AV EIT OMRÅDE I SJØ (FØRESEGNOMRÅDE #33) FORBEHALDT SMÅBÅTANLEGG I TILKNYTING NAUSTA.	63
FIGUR 48: NYTT NAUSTOMRÅDE VED GRIPNESVÅGEN PÅ LUNDE.	64
FIGUR 49: NYTT ABA-FØREMÅL (ABA 24) VED MJELKEVIKA PÅ SYDSPISSEN AV REKSTEREN KOR DET LIGG FLEIRE NAUST I LNF.	65
FIGUR 50: UTVIDING AV NAUSTFØREMÅL (ABA 23) HAUKAFÆRVÅGEN PÅ REKSTEREN.	66
FIGUR 51: NYTT NAUSTOMRÅDE (ABA 22) I SAGVÅGEN PÅ REKSTEREN.	67
FIGUR 52: UTVIDING AV NAUSTOMRÅDE VED DRANGSVÅGEN (ABA 54) MED TILHØYRANDE FØRESEGNOMRÅDE I SJØ	68
FIGUR 53: KART SOM VISER ALTERNATIV F – TRASE FOR E39 MELLOM STORD OG OS, KJELDE: STATENS VEGVESEN.	70
FIGUR 54: FRAMTIDIG GANG- OG SYKKELVEG MELLOM VÅGE OG REISO.	71
FIGUR 55: KARTET VISER KARTLAGDE VIKTIGE OMRÅDE FOR UTØVING AV FRILUFTSLIV PÅ TYSNES (RAUD SKRAVUR) OG POTENSIELT TILGJENGELEG STRANDSONE (GRÅ). DESTO MØRKARE RAUDFARGE DESTO VIKTIGARE ER OMRÅDET REKNA Å VERE. KJELDE: FYLKESATLAS.NO.	73
FIGUR 56: NYTT IDRETTSFØREMÅL PÅ MALKENES, LUNDE (IDR 02).	74
FIGUR 57: NYTT IDRETTSFØREMÅL (IDR 01) I UGGDALSDALEN VEST FOR ØYJORDSVATNET.	75
FIGUR 58: NYTT IDRETTSFØREMÅL (IDR 03) VED AMLAND PÅ HÅLANDSNESET.	76
FIGUR 59: NYTT IDRETTSFØREMÅL (IDR12) VED VÅGE SKULE	77
FIGUR 60: NYTT LNF- FØREMÅL (LNFR 02) VED LAUKHAMMAR.	78
FIGUR 61: FRIOMRÅDE (FRI 01) VED ONARHEIM SENTRUM.	79
FIGUR 62: FRIOMRÅDE VED VÅGE (FRI03).	80
FIGUR 63: PARKERINGSPLASS (P7) NORD FOR GRAVPLASSEN PÅ HÅLANDSNESET	81
FIGUR 64: ONARHEIM - NYTT MASSEUTTAK (RU 1).	83
FIGUR 65 VISER NYE SENTRUMSFØREMÅL PÅ ONARHEIM (SF 1 OG 2)	85

1. Innleiing

Kommuneplanen er kommunen sin overordna plan. Denne er todelt; ein samfunnsdel og ein arealdel. Plan- og bygningslova stiller krav til at alle kommunar skal ha ein plan som skildrar samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk i heile kommunen. Arealdelen bygger på fastsette mål og føringar i kommuneplanens samfunnsdel. Den angir korleis kommunens areal skal disponerast i framtida og kva omsyn som må tas i samband med dette. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, føresegner og ei planskildring. Planskildringa skal skildre planens formål, hovudinnhald og verknad jf. plan- og bygningsloven § 4-2. Vidare skal den angi kva vurderingar som har ført fram til foreslått plan, og kva rammar planen bygger på.

1.1 Føremålet med kommuneplanens arealdel - målsettingar fastsett i samfunnsdelen

Samfunnsdelen 2018-2030 vart godkjent i kommunestyremøte 19.02.2019. Som nemnt innleiingsvis legg kommunens samfunnsdel føringar for arealdelen av kommuneplanen. Målsettingar presentert i samfunnsdelen skal liggja til grunn for planlegginga og disponeringa av kommunens areal. I samfunnsdelen til Tysnes kommune for perioden 2018-2030 er det presentert eit hovudmål og seks delmål for utviklinga av Tysnessamfunnet i ovannemnte periode, det overordna målet er:

«Tysnes skal vera eit attraktivt samfunn å bu i!»

For å oppnå overordna mål ynskjer kommunen å stimulera til økt tilflytting og vekst i folketalet, dette skal ein gjera gjennom dei seks delmåla.

Kommunen skal:

- Tilretteleggja for gode bumiljø for både fastbuande og deltidsbuande
- Medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar
- Sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår
- Sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg
- Sikra innbyggjarane tilgang til meningsfull fritid
- Sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur

1.1.1 Medverknad i samband med rullering av arealdelen

Etter PBL §5-1, skal alle som fremjar eit planframlegg leggja til rette for medverknad. Det vert stilt krav om medverknad ved at planarbeidet skal leggjast opp slik at både einskildpersonar og grupper vert gjeve høve til å delta aktivt i planprosessen. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikra aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, under her barn og unge. Vidare skal det etter lova leggjast til rette for elektronisk presentasjon og dialog i planprosessen.

Kommuneplanarbeidet er varsla i samsvar med plan- og bygningsloven §11-12. I samband med varsel om oppstart av planarbeid vart det opna for publikum å komma med skriftlege arealinnspel. På bakgrunn av koronasituasjonen og tidvis nedstenging av samfunnet vart det diverre ikkje mogleg å halde folkemøte som planlagt. Kommunen tok difor i mot mindre grupper og einskild personar på kommunehuset til møter og dialog kring kommuneplanen. Det kom inn rett i underkant av 250 skriftlege arealinnspel, som alle har vore gjennomgått og vurdert, og 166 av innspela har vorte med vidare til KU-vurdering (konsekvensutgreiing).

Følgjande figur viser korleis innkomne innspel har vore handsama:

Innspel til arealdelen vert handsama etter følgjande prinsipp:



Figur 1: Handsamingsprosess - frå planprogrammet

1.2 Planprosess

- Vedtak om oppstart av planarbeid og planprogram vart gjort av kommunestyre 16. juni 2018.
- Samfunnsdelen 2018-2030 vart godkjend i kommunestyret sitt møte 19.02.2019.
- Utkast til planprogram vart lagt til offentleg høyring 6. juni 2019.
- Hausten 2019 vart det utarbeidd standard skjema, kartportal med rettleiar for å gje rammer og krav til innspel.
- Planprogram vart drøfta i regionalt planforum og endeleg planprogram vart vedteke av kommunestyre i desember 2019.
- Innspelsrunde var i utgangspunktet planlagt for perioden mellom januar 2020 til og med juni 2020. Innspelsrunden vart noko forsinka, og kommunen har teke i mot innspel fortløpande også etter dette.
- Politisk grovsiling av innspel er utført i fleire omgangar mellom hausten 2021 og våren 2022.
- Politisk handsaming av kommuneplanforslag februar 2024.
- Godkjenning av endeleg kommuneplanforslag i løpet av våren 2024.

1.3 Nasjonale og regionale føringar

I dei følgjande avsnitta vil nasjonale, statlege så vel som regionale føringar, retningsline og dokument kort verte presentert. Desse overordna dokumenta legg føringar for kommuneplanens arealdel.

1.3.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Kvart fjerde år legg regjeringa fram «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging». Det gjeldande dokumentet vart vedteke i kongeleg resolusjon 20.06.2023, og gjeld for perioden 2023-2027. 2030-agendaen og FN landas 17 berekraftsmål ligg framleis til grunn for dei nasjonale forventningane, og er verdas felles mål for å sikra ei berekraftig utvikling. 2030-agendaen har fem overordna perspektiv. Perspektiva er høvesvis sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, samfunnstryggleik og beredskap samt eit samarbeid for å nå dei felles måla.

Det er regionale- og kommunale myndigheites oppgåve å ta omsyn til desse måla i samband med samfunnsplanlegginga.

1.3.2 Andre statlege planretningslinjer og overordna dokument som legg føringar for regional og kommunal planlegging (lista er ikkje uttømmende):

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag
- Nasjonal jordvernstrategi (oppdatert 2023)
- Stortingsmelding 16, 2019-2020 – Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold
- Stortingsmelding 16, 2004-2005 - Leve med kulturminner

1.3.3 Statleg kommunedelplan - E39 mellom Stord og Os

Den 05.09.2019 vedtok Kommunal- og Moderniseringsdepartementet statleg kommunedelplan for E39 mellom Stord og Os, med alternativ-F som valde løysing for vegtrase. Vegtraseen i det valde alternativet går over Tysnes på strekninga frå Hodnaneset i sør og vidare mot Bjørnafjorden via Reksteren.

Alternativet hadde størst støtte blant dei involverte kommunane og Vestland fylkeskommune. Vedteke statleg kommunedelplan for E 39 gjeld framfor kommuneplanens arealdel, og beslaglagde areal er juridisk bindande. Tysnes KPA kan difor ikkje leggja opp til arealbruk som kan komma i konflikt med beslaglagde areal i vegplanen. Forslag til statleg reguleringsplan med tilleggsrapportar skal etter planen vera klar i løpet av vinteren 2023/2024 (sjå kart over trasé under kap. 2.6.3).

1.3.4 Regionale føringar

Det er fylkeskommunen med fylkestinget i spissen som er den regionale planstyresmakta. I regi av Vestland fylkeskommune er det fleire regionale planar, temaplanar og planstrategiar som legg føringar for kommuneplanlegginga.

Jamfør plan- og bygningsloven § 3-4. har regional planlegging til føremål å stimulera den fysiske, miljømessige, helsemessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i ein region.

Vestland fylkeskommune har regionale planar som legg føringar for område som:

- Transport
- Folkehelse
- Senterutvikling
- Klima og energi
- Kultur
- Kystforvaltning
- Innovasjon og næringsutvikling
- Vassforvaltning

1.4 Lokale føringar

I tillegg til samfunnsdelen har kommunen temaplanar som legg føringar for korleis arealbruken skal disponerast, desse vert kort presentert under dette delkapittelet.

1.4.1 Kommunedelplan for kulturminne 2020-2030

Tysnes kommune sin kommunedelplan for kulturminne 2020-2030, vart vedteken av kommunestyret 07.05.2020. Det vart innvilga 200.000 kr av Riksantikvaren for å utarbeide ein kulturminneplan for kommunen. Basert på innspel frå fylkeskommunen, frivillige og lokallag - vart planen utarbeida i samarbeid med det lokale sogelaget. Planen omfattar i hovudsak ikkje automatisk freda kulturminne, som vert forvalta av fylkeskommunen, men har likevel med to kulturminne/kulturmiljø i kategorien automatisk freda.

Målet med planen er mellom anna å auke kunnskapen om kulturminna, synleggjere verdien av dei, leggje til rette for vern gjennom bruk, ha fokus på formidling av kunnskap - samt nytte opplysningane i samband med reiseliv og annan næringsverksemd mm.

1.4.2 Barnehage – og skulebruksplan for perioden 2021-2035

Tysnes kommune sin barnehage – og skulebruksplan for perioden 2021-2035 har som målsetting å sikra kvalitet i skule og barnehage, optimalisera bruk av dei rammene kommunen til ein kvar tid rår over. Planen skal dessutan komma fram til ein skule - og barnehagestruktur som er tilpassa føresetnader som ligg i vedteken kommuneplan. Sikra at skulane og barnehagane i Tysnes er tilpassa ein drift i tråd med gjeldande sentrale og lokale retningslinjer og planar. Sikra godt arbeidsmiljø for tilsette og barn. Gje råd om fysiske og pedagogiske planrammer ved å leggje til rette for framtidens skule og barnehage. Få eit langsiktig og heilskapleg grunnlag for utbygging av barnehage- og skulekapasitet i kommunen.

1.4.3 Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Tysnes kommune sin temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vart vedteken 23.02.2021 og revidert 15.12.2022. Det er eit overordna mål at alle innbyggjarane i Tysnes kommune får gode vilkår for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, slik at dei kan ha høve til å halde seg i aktivitet ut frå eigne interesser og føresetnader. Utbygde anlegg og tilrettelagde friluftsområde skal vera i nærleiken av der folk er busett. Tiltak i bustadstrøk, med badeplassar og leikeområde for born, skal prioriterast høgt. Folkehelseperspektivet skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og satsing. Landbruks-, natur-, og friluftsområda (LNF-områda) i kommunen utgjør ein ressurs som kommunen skal sikra for framtidige generasjonar. Utbygging skal difor ikkje vera til hinder for utøving av allemannsretten og tilgang til natur- og sjøareal.

1.5 Historikk - Tysnes kommune sin kommuneplan i perioden 2010-2022

Ved rulleringa av arealdelen 2010-2022 var målet ein plan som kommunen kunne styra arealforvaltninga etter, som ikkje skulle vera styrt gjennom dispensasjonar.

Det var prioritert ein gjennomgang av arealtema som:

- Bustadområde og spreidd bustad i LNF
- Næringsområde og offentlege område
- Småbåthamner, båtplassar og fortetting i naustområde

For perioden 2010-2022 hadde kommunen som føremål å skapa vekst i folketalet, gjennom mellom anna ein auke i tilflytting til Tysnes. Eit viktig mål i samband med rulleringa vart difor å skapa attraktive bustadtomter, knytt til båtplassar og tilgang til sjø.

1.6 Vegene vidare - Satsingsområda ved rullering av kommuneplanens arealdel 2024

Målet om å få ned talet på dispensasjonar har ikkje lukkast i den grad kommunen ønskte det for perioden 2010-2022. Dette kjem fram i kommuneplanens samfunnsdel. Det er framleis mange dispensasjonar, særleg knytt til strandsona og LNF-områda.

Ved rulleringa i 2024 vert målet om ein auke i tilflyttinga og folketalet generelt vidareført. For å oppnå målet skal kommunens areal disponerast på ein slik måte at Tysnes er, og vert ein attraktiv plass å bu.

Satsingsområda kommunen legg vekt på for å nå mål og delmåla er :

- Bustader og fortetting
- Fritidsbustader med nærleik til sjø
- Næring og utvikling av nye næringsareal
- Småbåthamner og naust
- Trafikktryggleik
- Folkehelse

Det er og gjort ein gjennomgang av dei utbyggingsområda som sidan førre rullering ikkje har vore nytta til sitt føremål, og vurdert om desse skal vidareførast eller om dei skal takast ut som utbyggingsområde.

1.7 Folketalsutvikling og forventa bustadbehov

Kommunen har som nemnt eit mål om ein auke i folketalet, eit mål som er vidareført frå planperioden 2010-2022.

1.7.1 Folketalsutviklinga sett i eit større perspektiv

Basert på tala til statistisk sentralbyrå, var folketalet på Tysnes pr.1 januar 2023, 2910 personar, medan det til samanlikning var registrert 3834 personar i Tysnes kommune pr. 1 januar 1953. Tidsrommet frå 1953 til ut på 1970-talet, var ein periode med nedgang i befolkninga i kommunen. Frå omkring midten av 70-talet til om lag 1990, hadde Tysnes ein liten, men jamn vekst i befolkningstalet. Frå 1990 og utover har


det vore relativt jamne befolkningstal med periodevise, mindre svingingar. Dei siste ti åra har det samla sett vore ein liten vekst i folketalet frå om lag 2736 personar pr. 1 januar 2013 til 2910 personar pr. 1 januar 2023 (Statistisk sentralbyrå - statistikkbanken).

1.7.2 Forventa utvikling i åra som kjem

I perioden fram mot 2045 er det jamfør statistikk i Vest, utarbeida av Vestland fylkeskommune, forventa ein jamn vekst i folketalet på Tysnes. Anteke folketal i år 2045 er 3235 personar, som utgjør 325 fleire innbyggjarar i 2045 samanlikna med 1. januar 2023. Framskrivingar av folketalet er basert på ei rekke føresetnader, det er difor ikkje gitt at utviklinga vil verte som skildra i vedlagt tabell (figur. 3). Ein gjennomtenkt og godt tilpassa arealplanlegging og realiseringa av E 39 Hordfast, vil truleg spille ein stor rolle for folketalutviklinga på Tysnes i åra framover.

Kommuneplanen skal ha eit perspektiv på 12 år, som vil sei eit perspektiv fram mot år 2036. Jamfør folketalframskrivingane (figur. 3), er det forventa at folketalet på Tysnes i år 2035 vil vera 3100 personar. Dette vil sei at ein forventar 190 personar meir i år 2035, enn det som var registrert pr. 1. januar 2023. I følgje tal frå SSB bur det på Tysnes i snitt 2,14 personar pr. bustad. Viss ein tar utgangspunkt i forventa vekst, og dagens tal på personar per bustad, medføra dette eit behov for om lag 89 bustader for å få dekkja det forventa bustadbehovet i kommande planperiode.

Kommunen har eit mål om at folk skal få bu der dei har eit ønske om å bu, og der dei høyrer til. Samtidig ønsker ein å leggja til rette for fortetting i sentrale område. I følgje SSB bur 39% av befolkninga på Tysnes i tettstadar, medan dei resterande 61% bur i rurale område. Det vert difor viktig å leggja opp til vidare fortetting på tettstadene, samstundes som ein og legg til rette for at folk skal kunne byggja seg bustad i område som er mindre sentrale. Reine bustadområde er avsett i samanheng med sentrale område der ein har ei forholdsvis tett utbygging, medan det er sett av område til LNF- spreidd bustad i meir perifere område rundt om i kommunen. Føresegnene opnar for mellom 1 og 3 bustader i kvart område avsett til LNF-spreidd bustad. Om det vert 1 eller 3 bustadar, kjem an på kor mykje som er bygd der frå før og kor stort arealet er.




Figur 2: Utviklinga av folketallet på Tysnes frå 1953 til 2023 kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Vestland fylke sine folketalsframskrivingar for 2019-2045

Region: År: Kjønn: Alder:

År	2019	2020	2025	2030	2035	2040	2045
Region							
Tysnes	2 846	2 862	2 939	3 018	3 100	3 173	3 235

Figur 3: Forventa utvikling i folketallet på Tysnes fram mot år 2045 kjelde: Vestlandfylkeskommune - Statistikk i vest.



Figur 4: Befolkning på Tysnes i 2023 fordelt på biologisk kjønn og alder. Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

1.8 Inndeling i delområde

Kommunen er delt inn i 8 delområde, dette vil vera gjennomgåande både i planskildringa, KU og ROS-analyse. Områdeinndelinga gjeld stort sett for alle tema/arealføremål i dette dokumentet. Inndelinga kan reknast som ein grovinndeling – kor føremålet er å gjera dokumenta oversiktlege og lettare å finna fram i for lesar.

Desse 8 delområda er som følgjer :

- Tysnesbygda
- Onarheim
- Lunde
- Uggdal
- Reksteren
- Hålandsneset
- Flatråker
- Skorpo-Hodnanes

2. Gjennomgang av arealføremål og tema

Under er ein tabell over alle framtidige arealføremål ved rulleringa 2024-2036.

AREALSTATUS	AREALFØREMÅL	SKILDRING	FELTNAMN
2	Bustad		B09
2	Bustad		B42
2	Bustad		B03
2	Bustad		B01
2	Bustad		B11
2	Bustad		B12
2	Bustad		B05
2	Bustad		B02
2	Bustad		B04
2	Bustad		B06
2	Bustad		B07
2	Bustad		B43
2	Bustad		B08
2	Bustad		B10
2	Bustad		B41
2	Fritidsbustad		FB02
2	Fritidsbustad		FB01
2	Sentrumsføremål		SF1
2	Sentrumsføremål		SF2
2	Offentleg/privat tenesteyting		T1
2	Fritids - og turismeføremål	Bubilparkering	FTU5
2	Fritids - og turismeføremål	Bubilparkering	FTU4
2	Fritids - og turismeføremål		FTU3
2	Råstoffutvinning		RU2
2	Råstoffutvinning	Masseuttak	RU1

2	Næring	Utleige	NÆ07
2	Næring		NÆ06
2	Næring		NÆ04
2	Næring		NÆ53
2	Næring		NÆ05
2	Næring		NÆ01
2	Næring		NÆ11
2	Næring		NÆ12
2	Næring		NÆ02
2	Næring		NÆ03
2	Næring	Hotell, bevertning mv.	NÆ09
2	Næring		NÆ54
2	Næring		NÆ10
2	Næring		NÆ08
2	Idrettsanlegg		IDR03
2	Idrettsanlegg		IDR12
2	Idrettsanlegg	Rideløyper	IDR02
2	Idrettsanlegg	Motorsportbane	IDR01
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA02
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA01
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA16
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA10
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA15
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA17
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA28
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA09
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA12

2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA03
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA11
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA08
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA14
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA13
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA19
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA20
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA18
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA07
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA06
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA31
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA22
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA21
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA25
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA24
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA38
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA04
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA23
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA54
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA27
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA29
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA26
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA05
2	Andre typer nærmare angitt busetnad og anlegg	Naust	ABA30
2	Parkeringsplass		P5
2	Parkeringsplass		P7

2	Parkeringsplass		P1
2	LNFR areal for spreidd bustad- fritids eller næringsbusetnad		LS01
2	Spreidd bustad		LSB04
2	Spreidd bustad		LSB14
2	Spreidd bustad		LSB03
2	Spreidd bustad		LSB01
2	Spreidd bustad		LSB17
2	Spreidd bustad		LSB10
2	Spreidd bustad		LSB34
2	Spreidd bustad		LSB02
2	Spreidd bustad		LSB05
2	Spreidd bustad		LSB13
2	Spreidd bustad		LSB15
2	Spreidd bustad		LSB12
2	Spreidd bustad		LSB09
2	Spreidd bustad		LSB18
2	Spreidd bustad		LSB07
2	Spreidd bustad		LSB08
2	Spreidd bustad		LSB16
2	Spreidd bustad		LSB06
2	Spreidd bustad		LSB11
2	Spreidd fritidsbusetnad		LSF01
2	Hamneområde i sjø		HOS02
2	Hamneområde i sjø		HOS01
2	Hamneområde i sjø		HOS03
2	Småbåthamn		SH1
2	Småbåthamn		SH3
2	Småbåthamn		SH8

2	Småbåthamn		SH2
2	Småbåthamn		SH21
2	Akvakultur		AKV3

I tabellen under er eit arealrekneskap som viser differansen mellom KPA 2010 og KPA 2024. Samla sett legg ny KPA opp til 4225 daa mindre areal til utbygging enn i førre planperiode. I tillegg vert om lag 15000 daa areal tilbakeført til LNF ved rulleringa 2024, som er svært positive tal samla sett.

Arealrekneskap KPA 2024-2036		KPA 2010	KPA 2024	Differanse
Formålskode	Arealformål	Areal (daa)	Areal (daa)	Areal (daa)
1001	Busetnad og anlegg	78,1	0,0	-78,1
1110	Bustad	1539,0	1838,1	299,0
1120	Fritidsbusetnad	1997,7	2144,7	147,0
1130	Sentrumsformål	11,7	36,9	25,3
1150	Forretningar	11,3	11,3	0,0
1160	Offentleg eller privat tenesteyting	236,5	236,2	-0,3
1170	Fritids- og turistformål	7,2	63,2	56,0
1200	Råstoffutvinning	0,0	28,3	28,3
1300	Næringsbusetnad	1017,6	1403,9	386,3
1400	Idrettsanlegg	517,4	670,2	152,8
1500	Andre typar nærmare angitt busetnad og anlegg	183,9	158,5	-25,4
1700	Grav- og urnelund	38,1	39,6	1,5
1800	Kombinert busetnad og anleggsformål	216,6	287,0	70,3
2010	Veg	162,8	182,2	19,4
2040	Hamn	125,6	104,2	-21,4
2080	Parkering	8,1	14,2	6,1

5200	LNFR areal for spreidd bustad- fritids eller næringsbusetnad, mv	26,3	123,0	96,7
5210	Spreidd bustad	6668,1	3130,1	-3538,0
5220	Spreidd fritidsbustad	0,0	5,4	5,4
6230	Småbåthamn	84,1	130,7	46,6
6400	Akvakultur	3709,7	1807,2	-1902,6
Totalt utbyggingsområde		16639,9	12414,8	-4225,0
5100 LNFR		KPA 2010	KPA 2024	Differanse
		Areal (daa)	Areal (daa)	Areal (daa)
Totalt LNFR		219752,0	234996,0	15244,0

2.1 Bustader og fortetting

2.1.1 Mål og føringar

Statlege planretningsliner legg vekt på berekraftige samfunn, der ein ønsker at fortetting i allereie utbygde område skal prioriterast framfor etablering av nye byggeområde. Samstundes skal kommunane kunne tilpasse planlegginga etter lokale behov og dei utfordringar som kommunen måtte ha.

Både statlege- og regionale planar som gjeld strandsona, legg vekt på at ein skal ivareta strandsona og i størst mogleg grad unngå nedbygging av ho. Ein har dessutan eit generelt forbod mot utbygging i 100-metersbeltet mot sjø og vassdrag heimla i plan - og bygningslova (med mindre anna er fastsett i kommune- eller reguleringsplan). Tysnes er ein øykommune kor bygdesentera og bustadområde allereie er etablert i nær tilknytning til sjø. Dette byr på utfordringar både når det gjeld fortetting og eventuelle nye byggeområde.

I kommuneplanens samfunnsdel er det - i tråd med statlege planretningsliner, lagt vekt på at ein ønsker ei vidare fortetting og utbygging i etablerte bygdesenter/tettstader. I vurdering av nye utbyggingsområde skal ein prioritera ein arealbruk som skal ha til hensikt å redusera konflikt mellom ulike interesser. Sjølv om fortetting i tettbygde strøk står høgt på agendaen, er det likevel eit ønske frå kommunen sin side at innbyggjarar skal kunne bu der dei ønsker, og der dei kjem frå. Utanom tettbygde strøk vert det difor naturleg med noko utbygging av bustader i område avsett til spreidd busetting i LNF. Med utgangspunkt i tall frå Statistisk Sentralbyrå frå 2022, er det estimert eit behov for minimum 89 nye bustader i planperioden. Ettersom kommunen ønsker å gi innbyggjarane moglegheit til å bu der dei sjølv ønsker, er

det vanskeleg å føresjå kor nye bustader vil etablerast. Tilrettelegging for både spreidd - og tettbusetnad , gjer at det leggjast opp til fleire bustader enn minimumsestimatet på 89 nye bustader.

I samband med rulleringa er ubygd område avsett til spreidd bustadbygging i LNF gjennomgått og vurdert på nytt i høve oppdaterte statlege retningslinjer.

Ved rulleringa har ein hatt som mål å trekke nye bustadområde ut av 100 – metersbeltet. På stader kor bygging innanfor 100 - metersbeltet er tillate, er det i hovudsak gjennom fortetting i område kor det allereie er bygd.

2.1.2 Generelle trekk ved dagens bustadsituasjon


Det er på og rundt tettstadene Våge, Uggdal, Lunde og Onarheim at ein finn bustadfelt på Tysnes. På stader som Reksteren og Hålandsneset er det i førre KPA sett av fleire store areal til LNF- spreidd bustad, kor det i dag er lite bygd. På Flatråker og Skorpo- Hodnanes ligg bustader også primært i område sett av til spreidd bustad i LNF eller i reine LNF-områda.

2.1.3 Tysnesbygda (Våge)

Rundt Våge sentrum er tre område sett av til framtidige bustader i førre plan. Eit av desse ligg på Sundet like nord for Våge sentrum, eit ligg vest for Våge ferjekai, langs Landavegen og Krokavegen. Desse er allereie dels eller heilt utbygd i dag. Like sør for Våge sentrum og vest for Gjerstad, er eit område som i førre plan er sett av til framtidige bustader som pr. i dag ikkje er utbygd.

Ved rulleringa vil ein behalde eksisterande bustadareal frå førre planperiode, då det meste er dels eller heilt utbygd. Det vert og lagt opp til fortetting gjennom utviding av eksisterande bustadfelt. Bustadfelt på Ve i Våge, vert utvida vestover (B 08). Eksisterande bustadfelt ved Grønåsen og Vågsåsen vert utvida i retning sør (B 04). Bustadfeltet ved Vågsmarka vert noko utvida i retning aust (B 43). Det vert og lagt opp til eit nytt bustadfelt like aust for Våge, på Gjerdsvik (B 07). Bustadfeltet vil liggja sentralt med kort veg til servicetilbod, barnehage og skule. Funksjonell strandsone vert ivareteke ved å sette dette av til LNF, som gjer strandsona tilgjengeleg for ålmenta, i tråd med overordna føringar. Det vert elles lagt opp til bustader like vest for Våge sentrum (B 41) ved Lande, med kort avstand til alle fasilitetar i sentrum.

Eit mindre areal på Sæbærg mellom Jektavika og Kvernavika aust for Våge, kor det i dag ligg bustader innanfor areal avsett til LNF, vert omgjort til bustadføre mål (B 09). Det vert elles lagt opp til eit område med LNF-spreidd bustad ved Kyrkjestølen nord-nordaust for Våge (LSB 12).




Figur 5: Kartet viser Våge og omland - eksisterende bustadfelt som er utvida, nye område for bustad og LNF - spreidd bustad.


2.1.4 Onarheim

På Onarheim var det i førre plan to areal like ved Onarheim sentrum sett av til framtidig bustadfelt, eit vest for Elsåkervågen og eit ved Henningshagen, vest for Onarheimsvegen - områda er vidareført i ny KPA. Det er og lagt inn eit nytt areal for bustader aust for Onarheimsvegen ved Kvitevollsnes (B 05), samt ei utviding av nemnte bustadfelt på Henningshagen (B 11 og B 42) i retning nord. Eksisterande bustadfelt på Eikene i Onarheim sentrum vert og noko utvida i retning vest og sør (B 03).

På Årbakka nord for Onarheim, var det i førre planperiode eit areal nord for Årbakkaheio sett av til framtidig bustadbygging, også dette arealet vert vidareført i ny KPA. Det er og avsett eit område til nytt bustadfelt sør for Årbakkaheio og vest for Årbakkavika.




Figur 6: Onarheim sør - endringer i bustadføremål, utviding av eksisterende felt og nytt bustadføremål ved Kvitvollsnes (NB – kartutsnittet er presentert med ulik orientering – sjå svart nordpil).




Figur 7: Kartet viser nytt bustadføremål (B 01) på Onarheim, nord for sentrum.

2.1.5 Lunde

På Lunde ligg i stor grad eksisterande bustadfelt ved – og i kort avstand frå Alpavika og Lundevågen, det er og bustadfelt på Kattaland like aust for sentrum. Det var i førre plan eit større areal på Malkenes like nordaust for Gripnesvågen, som var sett av til bustader. Dette området er framleis meir eller mindre ubygd i dag, og vert ikkje vidareført i ny plan. Det er vurdert å heller utvida eksisterande bustadfelt på Kattaland ved Lundegrend, som ligg meir sentralt og nærare servicetilboda enn arealet på Malkenes. Bustadfeltet på Kattaland vert difor utvida mot aust (B 06 og B 02), delar av dette arealet var sett av til LNF-spreidd bustad i førre plan (B 02). Det er i ny plan også lagt til eit mindre felt for LNF- spreidd bustad (LSB 14) på Kattaneset, like nord for Gripnesvågen.



Figur 8: Kartet viser nye bustadføremål og LNF-spreidd bustad på Lunde og omland.




Figur 9: Det markerte arealet på kartet, ligg på Malkenes nordaust for Lunde. Det var sett av til bustadføremål i førre planperiode, arealet vert ikkje vidareført i ny KPA. Det vert i staden lagt opp til ei utviding av eit meir sentralt-liggjande bustadfelt på Kattaland (B02 og B06 på førre figur for illustrasjon).


2.1.6 Uggdal

På Uggdal ligg eksisterande bustadfelt i hovudsak ved og rundt Uggdalseidet og Kyrkjevatnet like nord for Uggdalseidet. I ny KPA vert det lagt opp til ei mindre utviding av eksisterande bustadfelt aust for Kyrkjevatnet i retning nord fram til noverande sentrumsføremål (B 12). Aust for Uggdalseidet ved Jensvoll ligg eit areal som i førre kommuneplan hadde føremålet LNF - spreidd bustad og LNF. Området er føreslått som bustadføremål (B 10) i ny KPA. Området strekk seg frå eksisterande bustader i nord og sørover til og med gnr./bnr. 17/39.

Det vert elles lagt opp til ei mindre utviding av LNF-spreidd bustad på Håviskeland, sør for Uggdal (LSB 17). Arealet finn ein lengst søraust på kart under kap. 2.1.8 – Hålandsneset. Til sist vert det lagt opp til eit areal med LNF- spreidd bustad ved Kongsviktjørna sør for Uggdal (LSB 34).



Figur 10: Kartet viser nye bustadføremål på Uggdal.




Figur 11: LSB 34 - sør for Uggdal ved Kongsviktjørna


2.1.7 Reksteren

På Reksteren ligg eksisterande bustader i område sett av til LNF- spreidd bustad eller i reine LNF-område. Det vert ikkje lagt opp til bustadfelt på Reksteren ved rulleringa, sjølv om det har kommen inn fleire innspel på dette. I fleire av innspela vert det lagt vekt på at ei realisering av E 39 Hordfast, vil føre til at Reksteren vert ein meir sentral plass. Hordfast ligg framleis langt fram i tid, og mykje må avklarast kring dette. Det er difor vurdert at ein må ta stilling til etablering av bustadfelt på Reksteren ved neste rullering, når ein har eit klarare bilete av behovet.

På Reksteren er det i førre KPA sett av eit stort areal til LNF – spreidd bustad. Dette arealet strekk seg som eit belte frå Hope i nord til Sunde i sør og følgjer i stor grad fylkesvegen. Området vert justert ned i storleik ved rulleringa, då det så langt har vist seg å ikkje vera behov for så store areal, lite har vorte bygd her dei siste 10 åra. Det er valt å behalda LNF-spreidd bustad i område kor det er etablert bustader frå før, og difor er tilgjengeleg infrastruktur. LNF- spreidd bustad er og justert i høve til NVE's aktsemdområde for skred/ras og flaum.



Figur 12: LNF- spreidd bustad kartutsnitt frå førre plan - ein ser eit svært stort grønt belte sett av til LNF – spreidd bustad (utklipp kommune kart.com)




Figur 13: Nytt LNF - spreidd bustad på Rekstøren, det store beltet i førre kart er betrakteleg redusert til sju mindre område, sentrert rundt eksisterande busetnad og infrastruktur

2.1.8 Hålandsneset

På Hålandsneset ligg bustader i område sett av til LNF - spreidd bustad eller i reine LNF-område. I førre plan var det eit stort samanhengande belte avsett til spreidd bustader like sør for FV 5086. Arealet som ligg lengst mot nordvest, kor det i dag er ubyggd, vert ikkje vidareført i ny plan. Det vert i staden teke inn to nye areal forbeholdt LNF- spreidd bustad, eit ved Liafjellet (LSB 05) sør for fylkesvegen, og eit ved Færavåg (LSB 06) nord for fylkesvegen, kor det i dag allereie er etablert bustader og kor området elles er betre eigna til føremålet. Dette er plangrep som samsvarar godt med regionale og statlege føringar om fortetting i område kor det allereie er bygd. Det vert og lagt opp til ei mindre utviding ved Landrøyo (LSB 03). Ved rulleringa vert det ikkje sett av areal til bustadfelt på Hålandsneset, området ligg for usentralt slik situasjonen er i dag.




Figur 14: Hålandsneset - LNF- spreidd bustad førre planperiode (utklipp frå kommunekart.com).



Figur 15: Hålandsneset - LNF- spreidd bustad i ny KPA.

2.1.9 Flatråker


På Flatråker var det i førre planperiode sett av eit areal langs Flatråkervegen til LNF - spreidd bustad. Arealet er vidareført ved rulleringa og utvida noko i retning sør på sørsida av Flatråkervegen (LSB 01). Området ligg i nær tilknytning til arbeidsplassar ved hamna, fortetting i dette området er difor rekna som føremålstenleg. Det vert elles lagt opp til eit område for spreidd bustadbygging på Økland (LSB 02) like sør for nemnte næringsområde. LSB-området frå førre planperiode mellom Øvrebø og Nese vert elles vidareført i sin heilskap.




Figur 16: Flatråker - LNF- spreidd bustad i ny KPA.

2.1.10 Skorpo – Hodnanes

På området Skorpo og Hodnanes ligg eksisterande bustader i LNF- spreidd bustad eller i reine LNF- område. Det er ingen bustadfelt i området, næraste bustadfelt finn ein lenger nord på Onarheim, kor og servicetilboda i området er å finna. I førre KPA var det tre areal avsett til spreidd bustadbygging, to på austsida av Flakkavågen, høvesvis ved Skorpevegen (område strekk seg sørover) og ved Sletteskogvegen. Det var og eit areal på Hodnanes langs Hodnanesvegen. Området på Hodnanes vert vidareført i samband med rulleringa. Når det gjeld området ved Skorpevegen, vert store delar av området teke ut av planen, eit mindre areal lengst nord vert vidareført. Området ved Sletteskogen er noko nedjustert lengst sørvest, medan det vert lagt opp til ei mindre utviding mot sør (LSB 13). Med unntak av denne mindre utvidinga (LSB 13), vert det ikkje lagt opp til noko nytt i dette området, kapasiteten er rekna som tilstrekkeleg.



Figur 17: LNF- spreidd bustad på Skorpo på austsida av Flakkavågen - situasjon i førre plan (redigert utklipp frå kommune kart.com)



Figur 18: LNF- spreidd bustad på Skorpo på austsida av Flakkavågen - situasjon i ny plan, området i sør er betrakteleg redusert, medan det er lagt til eit mindre areal i tilknytning LNF-spreidd området i nord.

2.2 Fritidsbustader

2.2.1 Føringer og mål

Kommunen ønsker å kunne tilby fritidsbustader med nærleik til sjø og fjell. Fritidsbustader skal likevel ikkje prioriterast framfor regulær bustadutvikling. I statlege- og regionale planar knyt til strandsona er ein restriktiv når det gjeld å opne for nye utbyggingsområde innanfor 100- metersbeltet. Ved rulleringa er det lagt opp til at bygging av nye fritidsbustader skal skje som fortetting/forlenging av allerede etablerte felt for fritidsbusetting. Utviding av eksisterande felt ved sjø skal ein prioritere å etablere lenger vekk frå strandsona enn eksisterande busetnad.

2.2.2 Generelle trekk ved dagens situasjon

Ved rulleringa er det gjort ein gjennomgang av alle område avsett til fritidsbusetnad, det synar å vera god dekning på Tysnes. Fleire av områda avsett til fritidsbusetnad i gjeldande KPA er berre dels utbygd i dag, dette gjeld særst på Reksteren. Dei største areala for fritidsbustader på Tysnes i dagens situasjon er på Reksteren, på stader som Gjelland i søraust, ved Svarvahella lengst nord på Reksteren og ved Hopssundet like vest for Vernøy.

Når det gjeld Tysnes elles er det felt for fritidsbustader på Skorpo søraust for Hodnaneset, på Espevik aust for Skorpo og sør for Onarheim. Det er og mindre felt for fritidsbustader på Malkenes nordaust for Lunde, på Myrdal sør for Lunde, på Hålandsneset sør for Reksteren, på Årbakka nord for Onarheim og i Uggdal.


Felles for desse områda (med få unntak) er at dei ligg med nærleik til sjø - som er svært ettertrakta. I om lag alle innkomne innspel som gjeld nye felt for fritidsbusetnad, er det eit ønske om fritidsbustader innanfor 100-metersbeltet.

Ettersom det synar å vera forholdsvis god kapasitet innanfor eksisterande felt for fritidsbusetnad, vert det ved rulleringa ikkje lagt opp til fleire nye store felt for fritidsbusetnad.


2.2.3 Onarheim

På Onarheim vert det og lagt opp til eit mindre felt med LNF- spreidd fritidsbusetnad (LSF 01) ved Årbakka, området ligg med nær tilknytning til sjø, men utanfor 100- meterbeltet. Det er skog (LNF-område) og bustadområde i nærleiken, men det vert ivareteke ein buffer med grønt (LNF) mellom fritidsbustader og bustadfelt.

På Onarheim vert eksisterande område for fritidsbustader vidareført kor alle områda er delvis utbygd i dag. Eit etablert hytteområde sør for Onarheim sentrum ved Blekavågen og Nyborg vert utvida i retning sør. Hyttefeltet, som i dag er utbygd, ligg innanfor 100-metersbeltet til Blekavågen. Utvidinga av hyttefeltet (FB 02) mot sør vil trekke nye fritidsbustader lenger vekk frå strandlina. Dette er positivt for å ivareta ålmentas interesser i strandsona, samtidig som det vert tilbode attraktive hyttetomter med rimeleg avstand til sjø, i eit allereie etablert hytteområde.




Figur 19: Onarheim - nytt felt for LNF - spreidd fritidsbusetnad.



Figur 20: Utviding av felt for fritidsbustader Nyborg sør for Onarheim (FB 02).

2.2.4 Hodnanes

På Hodnanes ved Kvalvika, vil ein eigedom som er nytta som fritidseigedom i dag, men som ligg i areal avsett til LNF i førre plan, få føremål fritidsbusetnad ved rulleringa (FB 01). Området ligg innanfor 100 – metersbeltet men er allereie dels utbygd i dagens situasjon. Eigedomen har allereie vegsamband til fylkesvegen. I innspelet legg ein opp til fem nye hyttetomter innanfor området. Det er sett av ABA- føremål for naust i nord, kor det i dag ligg eit naust (brunt felt lengst nord i vedlagt kart). Det vert stilt plankrav og sett byggegrense mot sjø på 10 m.



Figur 21: Hodnaneset - nytt felt for fritidsbustader (FB 01).

2.2.5 Fritidsbusetnad på Tysnes elles

Når det gjeld andre område på Tysnes avsett til fritidsbusetnad vert desse vidareført ved rulleringa. I dei fleste områda er det allereie etablert fritidsbustader i ei eller anna utstrekking.

2.3 Næring og fritids – og turismeføremål

2.3.1 Føringar og mål

I ny KPA skal det sikrast areal til utvikling av minst eitt sjønært næringsområde med regionalt potensiale og det skal sikrast areal til fiskerihamn. Det skal leggjast opp til spreidde næringsareal innanfor LNF - føremålet.

2.3.2 Dagens situasjon – generelle trekk

Primærnæringane på Tysnes er innanfor jord - og skogbruk, fiske og akvakultur. Dei største næringsareala i dagens situasjon ligg på Onarheim, kor det er fleire marine næringsverksemdar. Det er elles eit marint næringsareal på Flatråker og på austsida av Reksteren. På Uggdal er det næringsverksemd knytt til både sjø og land og det er enkelte næringsareal mellom Våge og Uggdal. Det er elles næring på Malkenes - aust for Lunde, knytt til både sjø og land, samt mindre næringsareal på Lunde.


2.3.3 Framtidig situasjon

Plangrep som er gjort for å medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar er mellom anna utviding av fleire av dei eksisterande næringsområda, kor mange er marine næringsareal. Her kan til dømes nemnast næringsområda på Onarheim og Malkenes. Ei utviding gjer verksemdene moglegheit for utvikling og vekst i område kor dei allereie er etablert, som til gjengjeld kan skapa nye arbeidsplassar. Utviding av eksisterande næringsområde, framfor nedbygging av urørte areala er og rekna som særleg positivt med omsyn til miljø- og samfunn.

Det vert og lagt opp til nye næringsareal i område kor arealet er rekna som eigna til føremålet og kor konfliktnivået er vurdert som lågt eller akseptabelt med tanke på KU-tema og overordna føringar.

2.3.4 Nytt næringsområde på Lunde


På Lunde vert det lagt opp til næring langs Humlevikvegen, arealet er i dag nytta som eit masseuttak, men området vil kunne nyttast som næringsområde på sikt. Områdets plassering er rekna som vel eigna til føremålet, det er ikkje bustadfelt i nærleiken, Galanten hytteområde ligg ca. 160 m unna, men det er høgdeforskjell og vegetasjon i form av skog i mellom områda, som vil kunne fungere som ein buffer mot potensiell lyd- og lysforureining. Området ligg elles i nær tilknytning fylkesvegen.



Figur 22: Nytt næringsføremål (NÆ 08) langs Humlevikvegen like Vest for Lunde.

2.3.5 Ny sjøtilknytt fritids- og turismeføremål på Koløyhamn ved Lunde

Det vert sett av eit mindre areal til sjøtilknytt fritids – og turismeføremål med plankrav (FTU 3 og # 54) ved Koløyhamn, omtrent 1 km nordaust for Lunde. Forslagsstillar ønske å flytte eit verneverdig bygg frå Bjørnafjorden til Koløyhamn (Håkastova). Det er elles planlagt å renovere den eksisterande sjøbua på staden, samt å føre opp «viking» hytter som skal tilpassast terrenget. Kundane er tenkt via sjøvegen.



Figur 23: Nytt fritids – og turismeføremål ved Koløyhamn, Lunde (FTU 3 og # 54)

2.3.6 Nytt fritids- og turismeføremål (bubilparkering/camping) på Lunde


På Lunde ved idrettsanlegget på Vassbakken like sør for Kattaland, vert det sett av eit areal til fritids – og turismeføremål (FTU5), kor det er tenkt bubilparkering/camping, innspelet er spelt inn av bygdalaget.



Figur 24: Nytt fritids- og turismeføremål (FTU5) på Lunde ved idrettsanlegget på Vassbakken

2.3.7 Nytt fritids- og turismeføremål (bubilparkering/camping) på Uggdal


I Uggdal sentrum på vestsida av Uggdalsvegen, vert det sett av eit areal til fritids – og turismeføremål (FTU4), kor det er tenkt bubilparkering/camping. Området har i fleire år vore nytta som festivalcamping i samband med musikkfestivalen Tysnesfest. Området ligg sentralt til på Uggdal like ved butikk.



Figur 25: Fritids- og turismeføremål (FTU4) på Uggdal

2.3.8 Nytt næringsføremål ved Humlevika vest for Lunde


Det aktuelle området ligg i Humlevika, omtrent 1.5 km vest for Lunde. Forslagsstillar ynskjer tilleggsnæring til gardsdrift med utleige av 2 rorbuer, med tilhøyrande brygge. Det er i ny plan sett av eit mindre areal til næring (NÆ 07) der det vert stilt plankrav. Innspelet kan sjåast i samanheng med innspelt LNF- spreidd bustad og naust-føremål på same eigedom.



Figur 26: Nytt næringsareal (NÆ 07) ved Humlevika, føremålet kan sjåast i samanheng med ABA-føremål og LNF- spreidd bustad i same området spilt inn av same forslagsstillar, det vert stil krav om samla plan.

2.3.9 Utviding av næring med tilhørende hamneområde i sjø, Malkenes aust for Lunde


Det er lagt opp til hamneområde i sjø (HOS 02) i tilknytning næringsarealet ved Solsvika (NÆ 05) på Malkenes aust for Lunde. Sjølve næringsområdet på land vert noko utvida frå førre planperiode. Det er valt å behalde ein grøn buffer på land mellom næringsarealet og nærliggjande bustader.



Figur 27: Utviding av næringsområde ved Solsvika på Malkenes med hamneområde i sjø (HOS 02).

2.3.10 Nytt næringsføremål, Vernøya på Reksteren


Det vert sett av eit areal til næring (NÆ 01) på Vernøya, Reksteren, forslagsstillar ønsker å kunne leige ut hytter til turistar, det er og sett av areal til småbåthamn i tilknytning næringa (SH 3) slik at det er mogleg å leige ut båt/båtplass. Området ligg i LNF i dag og er nytta som privat eigedom, ved å opna for næring tiltenkt turisme vil ein gjera aktivitetar knytt til nærliggjande natur, sjø og båtliv tilgjengeleg for fleire enn i dagens situasjon.



Figur 28: Nytt næringsføremål (NÆ 01) på Vernøy, Reksteren.

2.3.11 Nytt næringsområde, Flygansværvågen på Reksteren


Det er lagt opp til eit nytt næringsareal ved Flygansværvågen på Reksteren. Forslagsstillar ønsker moglegheit for vasskraftverk, kontorlokale mm. Av framtidsplanar ynskjer dei å kunne tilby Vestlandets første ladestasjon for fritidsbåtar, tenester for fritidsbåtar, seilkurs og mikrobryggeri. Området det gjeld ligg i dag i areal avsett til LNF.



Figur 29: Nytt næringsføremål (NÆ 04) ved Flygansværvågen på Reksteren.

2.3.12 Utviding av næringsområde ved Kubbervik på Hålandsneset


Næringsføremålet ved Kubbervik (NÆ 12) på Hålandsneset vert noko utvida i retning sør og aust. Forslagsstillar ynskjer fleire overnattingsplassar i form av tretopphyttar. Det er og ønskt eit lager til oppbevaring.



Figur 30: Utviding av næringsføremålet ved Kubbervik (NÆ 12) på Hålandsneset

2.3.13 Håheim gard aust for Uggdal får føremålet næring


Håheim gard aust for Uggdal får næringsføremål (NÆ 09) ved rulleringa, i dagens situasjon ligg området i LNF. Det er ønskeleg å kunne utvikle tilbodet for besøkande. Håheim gard har i dag restaurant/kafé, selskapslokale og overnatting. Garden ligg nært tilknytt natur og turmoglegheiter.



Figur 31: Håheim gard aust for Uggdal får næringsføremål (NÆ 09) ved rulleringa.

2.3.14 Utviding av næringsarealet på Myklestad i Uggdal


Ved rulleringa er det lagt opp til ei utviding av næringsområde på Myklestad (NÆ 11). Området ligg vest-nordvest for Uggdal kyrkje. Utvidinga er knytt til gardsdrifta og eksisterande ridebane, det er planar om etablering av storfjøs og ridehall. Arealet det gjeld var avsett til LNF og idrettsanlegg (ridebane) i førre planperiode.



Figur 32: Utvidinga av næringsområde på Myklestad, Uggdal (NÆ 11).

2.3.15 Utviding av næringsareal - og hamneområde i sjø på Onarheim


Det er lagt opp til ei utviding (NÆ 03 og NÆ 10) av eksisterande næringsområde ved sjø nordaust for Onarheim ved Nedre Våge. Det er og sett av areal til hamneområde i sjø (HOS 03) i tilknytning næringsområdet.



Figur 33: Utviding av eksisterande næringsområde (NÆ 03 og NÆ 10) og nytt hamneområde i sjø (HOS 03) i tilknytning næringa.

2.3.16 Mindre utviding av næring i Onarheim sentrum


Vert lagt opp til ei mindre utviding av næring ved Onarheim sentrum, tiltenkt teknisk infrastruktur i tilknytning Onarheimselva. Tiltaket heng saman med eksisterande akvakulturanlegg.



Figur 34: Utvidinga av næringsføremålet ved Onarheimselva (NÆ 06) arealet er tiltenkt teknisk infrastruktur.

2.3.17 Nytt næringsområde og hamneområde i sjø ved søre Espevika, søraust for Onarheim


Det er ved rulleringa sett av eit nytt areal til næring (NÆ 02) og hamneområde i sjø (HOS 01), like nord for dette er det sett av eit areal til masseuttak (RU2), tilknytt næringa. Området ligg til ved sjø ved Søra Espevika, på Espevik sør for Onarheim.



Figur 35: Nytt nærings- og hamneområde i sjø i tilknytning næringa (NÆ 02, HOS 01 og RU2) på Espevik sør for Onarheim.

2.3.18 Nytt sjøtilknytt næringsområde på Laukhammar, Skorpo


Det vert lagt opp til eit nytt sjøtilknytt næringsområde lokalisert på Laukhammar, Skorpo (NÆ 54) med plankrav. Området ligg ved sjøen og består hovudsakeleg av skog. Forslagsstillar ønskjer at området skal nyttast til næringsareal (landbasert og sjøtilknytt akvakultur, lager og administrasjon). Forslagsstillar påpeikar at Huglosambandet vil krevje større terrenginngrep, og at det vil minska konsekvens med å setta av tiltenkt næringsareal slik innspelet vert foreslått. Forslagsstillar ønskjer å skape nye arbeidsplassar og aktivitet i Tysnes kommune. Det vert beholdt ein grøn buffer (LNF) mot fritidsbustader i sør.



Figur 36: Viser NÆ 54, nytt næringsareal ved Laukhammar på Skorpo

2.3.19 Nytt akvakulturføremål ved hamna på Flatråker

Det vert berre sett av eit nytt areal til reint akvakulturføremål i ny plan, dette er AKV 3 ved hamna på Flatråker.




Figur 37. AKV 3 ved hamna på Flatråker.

2.3.20 Nytt kombinert føremål i sjø (AFFNF) ved Reksteren, nord for litle Vernøya

Det har kommen inn innspel frå Lerøy Sjøtroll med ønske om nytt akvakulturreal nord for Little Vernøya, det er i planen lagt inn eit nytt felt med AFFNF (AFFNF 4) nord for Little Vernøya på Reksteren, noko lenger nord i sjø enn innspelt areal - kor det er moglegheit for akvakultur. Det er og lagt inn eit NF (natur - og friluftsområde) like sør for dette feltet (NF 1), som vil kunne fungere som ein buffer mot planlagt akvakultur lenger nord. Dette tiltaket vil kunne forbetre ein potensiell lyd - og/eller lysforureining frå akvakultur-området lenger nord, for områda på land i sør. Det nye natur – og friluftsområdet (NF1) er ikkje KU-vurdert, då føremålet ikkje legg opp til utbygging.

2.3.21 Justering av AFFNF-areal ved Reksteren, søraust for Vernaneset


Det har kommen inn eit innspel frå Lerøy Vest AS om utviding av akvakulturanlegget søraust for Vernaneset, eksisterande anlegg ligg innanfor eit AFFNF- areal, (AFFNF 1) området vert stort sett vidareført i ny plan, slik at ei mindre utviding av akvakulturanlegget er mogleg, men opphavleg AFFNF-areal vert noko redusert frå førre planperiode, arealet lengst aust får føremålet FFNF i ny plan (sjå vedlagt eksempelkart).




Figur 38: Nytt AFFNF-føremål nord for Reksteren og justering av AFFNF1 som ligg noko lenger sør, vest for Vernøya.

2.3.22 Innstramminger i eksisterende akvakulturreal

Det er ved rulleringa gjort ein del innstramminger av dei store akvakulturområda lokalisert på vestkysten av Tynesnes. Innstramminga skuldast dels at det er registrert korallar i nærliggjande sjøareal, men og at områda var uøndvendig store. Sjå vedlagt eksempelkart som viser endring frå førre - til nye plan.




Figur 39: Dei rosa felta langs kysten viser akvakultur-områda slik dei var i førre plankart, dei strekk seg frå Hålandsneset og heilt ned til Hodnaneset i sør, med to mindre opphald i mellom (kartutklipp frå kommunekart.com).



Figur 40: Kartet viser korleis akvakultur-areala langs vestkysten av Tysnes vert i ny plan etter ei nedjustering. Område lengst nord ved Hålandsneset er fjerna i sin heilskap, medan dei to områda lenger sør er nedjustert i utstrekking i sørlege ende.

2.3.23 Nytt LNF – spreidd bustad, fritids- eller næringsbusetnad på Lunde

Det er og lagt opp til eit nytt område til LNF spreidd bustad, fritids- eller næringsbusetnad i samband med rulleringa (LS 1), på Malkenes like aust-nord aust for Lunde. Området var sett av til LNF – spreidd næring og LNF-område i førre planperiode.



Figur 41: Nytt føremål LNF- spreidd bustad, fritids- og næringsbusetting (LS 1) på Malkenes

2.4 Småbåthamner

2.4.1 Føringar og mål

Tysnes er ein kommune med mykje kystline, bygdesentra ligg i nær tilknytning til sjø. Aktivitetar knyt til sjø er viktig for både fastbuande og deltidsbuande. Statlege planretningsliner opnar for ein differensiert forvaltning av strandsona. Kommunen skal i kommuneplanens arealdel å ta avgjerder knyt til korleis areala i strandsona skal disponerast. Avgjerdene vert gjort med utgangspunkt i overordna rammar og føringar.

Jamfør statlege planretningsliner for strandsona ligg Tysnes kommune i sone 3 - definert som område kor det er mindre press på areala. Kommunen vil i samband med rulleringa opne for fortetting og meir omfattande bruk av allereie etablerte utbyggingsområde nær sjø. Dette vil sikre at urørte område ikkje vert bygd ned, som igjen vil sikre ålmenta tilgang til friluftsliv og rekreasjon i tilgjengeleg strandsona. Det skal gjennom kommuneplanen vera tydlege retningsliner for kva som er tillate, for å prøve å unngå framtidige dispensasjonar. Denne arealpolitikken er i tråd med overordna retningsliner, kor det vert lagt vekt på at utbygging nær sjø i størst mogleg grad skal avgrensast til område som allereie er bygde.

2.4.2 Småbåthamner

Småbåthamner er fellesanlegg som opnar for at fleire kan få glede av sjø- og båtliv. I regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger (s.43) står det følgjande :


«Det er ønskeleg å stimulere til eit aktivt båtliv i ein region med lett tilgjengeleg og særst attraktiv skjergard....Fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Det skal leggjast opp til fellesløysingar for båtplassar, båtslipp, molo og infrastruktur som til dømes bodar, toalett/dusjrom og felleslokale knytt til båthamner på land...»

2.4.3 Utviding av Gjerdsvika småbåthamn aust for Våge

Eksisterande småbåthamn ved Gjerdsvika vert utvida (SH 2) med 50 fleire båtplassar og 25 parkeringsplassar (P1). Det vert og lagt opp til bodar for oppbevaring. Gjerdsvika har elles ein felles badeplass som er open for ålmenta.

2.4.4 Ny småbåthamn ved Bruntveit kai på Reksteren


Det er sett av eit areal til småbåthamn ved Bruntveit kai på Reksteren (SH 1). Forslagsstillar er Reksteren øylag, som har sett eit behov for båtplassar i området. I området er det i dag eit etablert kaianlegg kor det og går personferje. Etablering av ei småbåthamn er ikkje vurdert å komma i konflikt med ferja.



Figur 42: Småbåthamn (SH 1) ved Bruntveit kai på Reksteren Figur 43: Utviding av småbåthamna (SH 2) ved Gjerdsvika.

2.4.5 Ny småbåthamn ved Vernøya på Reksteren


Det er sett av eit areal til småbåthamn (SH 3) på Vernøya, området har i dag allereie flytebyggje og naust. Forslagsstillar legg fram at det er eit aukande behov for båtplassar i området. Småbåthamna kan sjåast i samanheng med nytt næringsføremål på same eigedom.



Figur 44: Kartet viser ny småbåthamn (SH 3) ved Vernøya på Reksteren.

2.4.6 Ny småbåthamn ved Humlevika på Lunde

Ved Humlevika på Lunde vert det sett av eit areal til småbåthamn (SH21). I førre planperiode vart det satt av areal til naustrekkje her, småbåthamna vil liggja i forkant av naustrekkja.



Figur 45: Småbåthamn (SH21) ved Humlevika på Lunde

2.5 Naust og småbåtanlegg


Dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning i strandsona opnar for oppføring av naust, særleg med omsyn til fritidsfiske. Det er likevel ikkje ønskeleg at det vert oppført naust i urørt strandsona. Dokumentet legg difor vekt på at ein heller ønsker fortetting og utviding av eksisterande naustområde framfor oppføring av nye. Naust vil uansett ikkje vera til hinder for ferdsle i strandsona i like stor grad som mange andre arealføremål, det skal vera mogleg å ferdast fritt i naustområde.

Ein del eksisterande naustområde som i førre plan låg innanfor areal avsett til bustadføremål, har i denne planen fått ABA-føremål (andre typar nærare angitt busetnad- og anleggsføremål). Det kan difor sjå ut som det vert lagt opp til mange nye naustområde i planen, medan ein eigentleg berre har gitt eksisterande naustområde eit meir riktig føremål ved rulleringa. Føremålet med dette er at kommunen ønsker å unngå unødvendige dispensasjonssaker. Byggegrense i desse områda er stort sett lagt langs eksisterande bygningar. I dei fleste av desse områda er det og lagt opp til eit føresegningsområde i sjø framfor nausta, kor det er moglegheit for flytebyggje eller evt. småbåtanlegg.

Forutan dei ovannemnte områda har det komme inn fleire innspel som gjeld ønske om nye naustområde eller utviding av eksisterande naustområde. I planarbeidet er det hovudsakeleg lagt vekt på fortetting, medan nedbygging av urørt strandsone har ein søkt å unngå i størst mogleg grad. Dei innspelte naustareala som er teke med i planen vert kort presentert i dei følgjande avsnitta. Dei ovannemnte naustområda som i førre plan låg innanfor areal avsett til bustadføremål, som ved rulleringa har fått ABA-føremål, vert ikkje vidare gjennomgått.

2.5.1 Utviding av naustområde ved Flakkavågen på Onarheim

Det har kommen inn innspel med ønske om utviding av eksisterande naustområde ved Flakkavågen sør for Onarheim. Det vert lagt opp til ei mindre utviding av dette området mot aust med plass til 1-2 naust (ABA 20), det er veg inn til området i dagens situasjon. Det er og lagt opp til føresegningsområde i sjø med moglegheit for småbåtanlegg eller flytebryggje framfor nausta.



Figur 46: Mindre utviding av naustområdet ved Flakkavågen.

2.5.2 Moglegheit for småbåtanlegg på Lunde ved Alpvika


Det har kommen inn fleire innspel med ønske om småbåtanlegg framfor naustrekkja ved Alpvika på Lunde. Det vert sett av areal i sjø (føresegnsområde # 32) framfor etablert naustrekkje, som kan nyttast til småbåtanlegg.



Figur 47: Alpvika på Lunde, det vert sett av eit område i sjø (føresegnområde #33) forbeholdt småbåtanlegg i tilknytning nausta.

2.5.3 Nytt naustområde Gripnesvågen på Lunde


Det har kommen inn mange innspel der det er eit ønske å få sett av areal til naustføremål ved Gripnesvågen. I området ligg det fleire naust i dagens situasjon, men desse ligg i område avsett til LNF. Det vert lagt opp til fortetting og utviding av området med eksisterande naust på austsida av vågen, medan det på vestsida vert lagt inn to areal til naustføremål (ABA 27 og 29) som berre vil omfatte eksisterande naust, utan moglegheit til vidare fortetting. Arealet på austsida (ABA 26) er vurdert som betre eigna til fortetting topografisk sett, medan ubyggd areal på vestsida er særst bratt. I sjø vert det sett av areal (føresegnsområde) med moglegheit for småbåtanlegg eller flytebryggje.



Figur 48: Nytt naustområde ved Gripnesvågen på Lunde.

2.5.4 Nytt naustområde ved Mjelkevika sør på Reksteren


Det har kommen inn innspel med ønske om naustføremål ved Mjelkevika på sydspissen av Reksteren. I vika ligg ei gruppe med naust innanfor eit areal avsett til LNF-føremål i førre plan. Det vert lagt opp til ABA-føremål i ny plan (ABA 24), arealet vil hovudsakeleg omfatte eksisterande naust i strandsona, men det vert og rom for fortetting. Arealet i sjø framfor nausta vert føresegningsområde, kor det er moglegheit for småbåtanlegg eller flytebryggje. Området ligg skjerma til for vind og ver i vika, det er og veg inn til området i dagens situasjon.



Figur 49: Nytt ABA-føremål (ABA 24) ved Mjelkevika på sydspissen av Reksteren kor det ligg fleire naust i LNF.

2.5.5 Mindre utviding av naustområde ved Haukafærvågen på Reksteren


Det har kommen inn fleire innspel med ønske om utviding av naustområdet ved Haukafærvågen på Reksteren. Det vert lagt opp til ei mindre utviding av eksisterande naustområde (ABA 23), arealet vert avgrensa til allereie oppførte naust i søraust, slik at desse får ABA-føremål (naust) i ny KPA. Det vert lagt opp til føresegningsområde i sjø framfor nausta, med moglegheit for småbåtanlegg eller flytebyggje.



Figur 50: Utviding av naustføremål (ABA 23) Haukafærvågen på Reksteren.

2.5.6 Nytt naustområde ved Sagvågen på Reksteren


Det har og komme inn innspel med ønske om naustføremål ved Sagvågen på Reksteren. I området ligg det i dag spreidde naust på begge sider av vågen, innanfor eit areal avsett til LNF. Det vert ved rulleringa sett av eit areal til naustføremål på austsida av Sagvågen (ABA 22), og samstundes eit areal i sjø (føresegnsområde) med moglegheit for småbåtanlegg eller flytebyggje.



Figur 51: Nytt naustområde (ABA 22) i Sagvågen på Reksteren.

2.5.7 Utviding av naustområde ved Drangsvågen, Uggdal

Ved Drangsvågen sør for Uggdal vert eksisterande naustområde utvida mot søraust med tilhøyrande føresegningsområde i sjø.



Figur 52: Utviding av naustområde ved Drangsvågen (ABA 54) med tilhøyrande føresegningsområde i sjø

2.6 Trafikktryggleik

2.6.1 Føringer og mål

Ut frå målsetnader i klima- og energipolitikken er det ønskeleg å i størst mogleg grad leggja til rette for gåande og syklande trafikantar. Kommunen skal gjennom rekkjefølgjekrav og utbyggingsavtaler sikra gode og trafikksikre løysingar i nye utbyggingsområde.

2.6.2 Dagens situasjon


Vegnettet på Tysnes består av kommunale-, fylkeskommunale- og private veger. Vegane er stort sett smale og svingete med berre eit felt. Hovudvegen på øya er Fv 549, den har ein bra standard frå ferjekaien på Hodnanes til Flatråker, kor det er to felt og gul midtstripe. På strekninga vidare mot Våge er det stort sett smal tofeltsveg utan midtstripe, eller eit felt med sporadiske møteplassar. Fartsgrensa er i hovudsak 80 km/t med unntak av ved Ugddal og Våge. Det er gong- og sykkelveg frå Våge sentrum til Tysnes skule, gjennom Lunde sentrum og frå Eie til Ugddal skule. Elles må gåande og syklande pr. i dag nytta vegkanten.

2.6.3 Framtidige situasjon

E 39 Hordfast

Jamfør statleg kommunedelplan for E39 mellom Stord og Os (Hordfast) skal planlagt vegtrase gå frå Svegatjørn i Bjørnafjorden kommune til Ådland i Stord kommune. Traseen startar i nord på Svegatjørn i tidlegare Os kommune og vil gå sørover i tunnel frå Moberg fram til Røtinga, deretter på flytebru over til Reksteren. Traseen vil gå vidare sørover, på langs over Reksteren til Søreidvågen og Hodnaneset, og deretter over til Jektevik på Stordsida, og vil til slutt ende på Ådland på Stord.


Mykje av den planlagde vegtraseen på Tysnes vil vera i dagen. Det er lagt opp til tre vegkryss langs E 39 på Tysnes, eit etter flytebrua, eit ved Drange og eit ved Økland. Vegen vil betre vegforholda på Tysnes betrakteleg og vil forkorte reisetida både lokalt, og regionalt til omkringliggjande kommunar som Sveio, Stord, Fitjar, Bjørnafjorden, og Bergen.



Figur 53: Kart som viser Alternativ F – trase for E39 mellom Stord og Os, kjelde: Statens vegvesen.

Gang- og sykkelveg mellom Våge og Reiso

I ny KPA vert det sett av areal til gang- og sykkelveg mellom Våge og Reiso. Ved å sikra forbindelsen med juridisk linje i plankartet, har ein eit grunnlag for å få planarbeid i gang. Dagens tilhøve for gåande og syklande mellom Våge og Reiso er ikkje særleg optimal, og det vil truleg verte ein auke anleggstrafikk når Hordfastprosjektet skal realiserast.



Figur 54: Framtidig gang- og sykkelveg mellom Våge og Reiso.

2.7 Folkehelse

2.7.1 Føringer og mål

Folkehelse er eit vidt omgrep som famnar om fleire samfunnsbehov. Kommunen meiner ein viktig føresetnad for god folkehelse er tilgang på helsebringande aktivitetar som idrett, friluftsliv og naturopplevingar. I form av tilrettelagde turstiar, badeplassar og andre fritidsaktivitetar både ute og inne.


I samfunnsdelen er det lagt føringer for at ein ved rullering av arealdelen vurderer korleis turstiar, grøndrag, idretts- og nærmiljøanlegg kan sikrast gjennom arealformål for å ivareta og betre befolkninga si helse. Det skal takast sikte på at folkehelse skal vera eit gjennomgåande vurderingstema for all arealdisponering i kommunen. Kommunens temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv legg stor vekt på nettopp dette.

Plangrep som vert gjort ved rulleringa for å verna natur- og friluftslivinteressar er mellom anna at ein vil fokusera på fortetting i allereie etablerte byggeområde i strandsona, framfor å opna for nye utbyggingsområde. Dette vil sikra innbyggjarane rekreasjon og fritidsaktivitetar på og nær sjø, samstundes som «urørt» natur og potensielt tilgjengeleg strandsone ikkje vert bygd ned.

Kommunens prioriterte friluftslivsområde og det generelle 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag, er blant miljø – og samfunnstema som er utgreia i samband med KU for kvart av områda som har gått vidare etter politisk grovsiling. Ved rulleringa vil kommunen gjennom planlegging av arealbruken prioritera å i størst mogleg grad ivareta område som er rekna som viktige for utøving av friluftsliv og rekreasjon. Det er komme innspel til nokre få nye konkrete idretts- og friluftsføremål som er lagt inn i planen (rideanlegg, motorsportanlegg, fotballbane, friområde, LNF - og NF-område).

2.7.2 Dagens situasjon

Tysnes er ein øykommune å har såleis mykje strandsone. Kommunen har store areal med «urørt» natur og største delen av kommunens areal er avsett til LNF-føremål. Viktige friluftslivområde er kartlagt og store deler av kommunens areal hamnar innanfor eit område kategorisert som viktig for friluftsliv, anten på land eller i vatn. Denne kartlegginga kan på mange måtar reknast som svært grovmaske - der område avsett til for eksempel bustadføremål kan liggja innanfor områda kategorisert som viktig friluftslivsområde. Kartlegginga gir likevel ein god peikepinn på kva område som er mykje nytta til friluftsliv og rekreasjon og difor skal prioriterast i samband med kommuneplanen. Denne registreringa er nytta som eit av vurderingsgrunnlaga i samband med KU-vurderingane som er gjort for nye byggeområde.




Figur 55: Kartet viser kartlagde viktige område for utøving av friluftsliv på Tysnes (raud skravur) og potensielt tilgjengeleg strandsone (grå). Desto mørkare raudfarge desto viktigare er området rekna å vere. Kjelde: fylkesatlas.no.

I dagens situasjon har Tysnes fleire tilgjengelege aktivitetar og møteplassar som kan fremje folkehelse i kommunen. Blant desse kan ein nemna til dømes Tysnes symjehall, Tysneshallen, Reiso fotballbane, Myklestad ridebane, Tysnes golfklubb og Tysnes dykkarklubb, som tilbyr aktivitetar knytt til idrett, fritid og friluftsliv. Utanom dette er det og fleire badeplassar, småbåtanlegg og treningsssenter som alle er viktige bidragsytarar til god folkehelse i kommunen.

2.7.3 Framtidig situasjon - arealendringer som kan medverke til god folkehelse i kommunen

Idrettsanlegg - hestebane på Malkenes ved Lunde


Ved rulleringa er det sett av eit område til idrett/hestebane på Malkenes ved Lunde (IDR 02). Tiltaket vart spelt inn av Lunde bygdelag. Bygda har tradisjon for hestesport og har fleire aktive hesteeigarar og private stallar i dag. Bygda manglar godkjend hestebane, og det er elles få eigna turvegar til riding i dag. Ryttrarar vert difor tvungen til å nytta kommunale- og fylkeseigde veger i dagens situasjon, som ikkje er trafikksikkert. Tiltaket vil vera positivt for både små og store med interesse for hestesport. Området er regulert til næring i dag, plassering og topografi er vurdert som godt eigna til føremålet.



Figur 56: Nytt idrettsføremål på Malkenes, Lunde (IDR 02).

Idrettsanlegg - motorsportbane ved Uggdal


Ved rulleringa er det og sett av areal til motorsportbane (IDR 01) vest for Øyjordsvatnet, ca. 3,5 km sør for Uggdal i Uggdalsdalen. Områdets topografi er vel eigna til føremålet, området ligg noko usentralt som er positivt med tanke på potensielt sjenerande støy. Eit tilbod innan motorsport vil vere eit svært positivt tiltak for born og unge så vel som vaksne, kor ein kan dyrka hobbyar og skapa nettverk.



Figur 57: Nytt idrettsføremål (IDR 01) i Uggdalsdalen vest for Øyjordsvatnet.

Idrettsanlegg – fotballbane ved grendehuset på Hålandsneset


Det er sett av eit areal til idrettsanlegg (IDR 03) ved grendehuset på Hålandsneset like ved Amland. Arealet er regulert til LNF i gjeldande KPA, område er allereie opparbeid som grusbane. Grusbanen ligg i eit område kategorisert som eit viktig friluftsområde og kan vera eit positivt tilskot til friluftsliv.



Figur 58: Nytt idrettsføremål (IDR 03) ved Amland på Hålandsneset.

Idrettsanlegg ved Våge skule


Det vert lagt opp til eit nytt areal til idrett sørvest for Våge skule (IDR12).



Figur 59: Nytt idrettsfremål (IDR12) ved Våge skule

LNF – på Laukhammar, Skorpo


Område er i gjeldande KPA sett av til fritidsbusetnad, grunneigar ønsker å endre føremål til friområde. Området vert sett av til LNF i ny plan (LNFR 02). Eit LNF-område ved strandlina vil vera positivt for ålmenta og gjer aktivitetar knytt til friluftsliv og sjø i nærområde lettare tilgjengeleg for ålmenta.



Figur 60: Nytt LNF- føremål (LNFR 02) ved Laukhammar.

Friområde Onarheim


I Onarheim sentrum vert det sett av eit areal i strandsona sør for Onarheim kyrkje til friområde (FRI 01) open for ålmenta.



Figur 61: Friområde (FRI 01) ved Onarheim sentrum.

Friområde på Teigland vest-nordvest for Våge

Det vert elles lagt opp til friområde på Teigland like vest-nordvest for Våge (FRI03)



Figur 62: Friområde ved Våge (FRI03)

Haaheim gard, Uggdal

Det er sett av areal til vidareutvikling av tilbodet på Haaheim gard som får føremålet næring. Haaheim er ein viktig aktør i samband med turismenæringa på Tysnes og er dessutan ein viktig møtestad for lokale. Det er lite overnattings- og restauranttilbod for turistar på Tysnes pr. i dag, med unntak av restauranttilbodet på Våge og sesongopent spisetilbod på Uggdal.


Haaheim gard er ein viktig møteplass for lokale innbyggjarar på Tysnes - restaurant/kafé og selskapslokale gjer sosialt samvær og rekreasjon mogleg i nærområdet. Haaheim gard ligg dessutan like ved natur- og turområde (kartillustrasjon under kap. 2.3.11).

Felles anlegg knytt til sjø

Det er elles relevant å nemna at det og vert lagt opp til fleire småbåthamner i samband med rulleringa (SH 1-3). Fellesanlegga gjer aktivitetar knytt til sjø og båtliv tilgjengeleg for fleire brukarar. Det er eit ønske frå kommunen sin side og satse på slike fellesanlegg. Blant desse er utviding av småbåthamna ved Gjerdsvika aust for Våge - kor det og er ein open badeplass for ålmenta, framtidig småbåthamn på Reksteren ved Bruntveit kai tiltenkt ca. 20 småbåtar, og framtidig småbåthamn og næring/turisme på Vernøy på Reksteren. Dette vert nærare gjennomgått under kap. 2.4.

Parkeringsplass ved gravplassen på Hålandsneset

Av bygdalaget vart det spelt inn behovet for ein parkeringsplass ved gravplassen på Hålandsneset, som vil gjera det lettare for besøkjande. Det er ein smal veg i området og få stader å parkere i dagens situasjon. Det vert difor lagt opp til eit areal for parkering (P7) nord for gravplass.



Figur 63: Parkeringsplass (P7) nord for gravplassen på Hålandsneset

2.8 Oppvekst – skule og barnehagar

2.8.1 Dagens situasjon

Det er skule på Våge, Onarheim og i Uggdal. Skulekrinsane er lagt opp slik at Uggdal skule er for 1.-4. klasse, Onarheim skule er for 1.-7. klasse, medan Tysnes skule er for 5.-10. klasse. Tysnes skule vart nyleg påbygd og utvida. Det er elles barnehage på Våge, i Uggdal og på Lunde.

2.8.2 Framtidig situasjon

Det vert i denne omgang ikkje lagt opp til utviding av skular og barnehagar. Tysnes skule på Våge vart som tidlegare nemnt nyleg utvida. I «Barnehage- og skulebruksplan 2021-2035 for Tysnes kommune» utarbeida av Norconsult, er det oppgitt at alle dei aktuelle skulekrinsane i kommunen har kapasitet. Når det gjeld barnehage har Vågsmarka barnehage på Våge høg utnyttingsgrad og lange ventelister, men det er tilgang på barnehageplass både i Uggdal og på Lunde. Mellom Våge og Uggdal tar det berre 5 minuttar å køyra. Det kjem dessutan ny barnehage på Onarheim, arbeidet er i gang.

2.9 Massedeponi og masseuttak


2.9.1 Dagens situasjon - Masseuttak Hegglandsmarka ved Lunde

Området vert i dagens situasjon nytta som masseuttak. Området er i ny KPA sett av til næringsføremål (for kart sjå under 2.3.4) ettersom området er vurdert å kunne fungere godt som næringsareal når masseuttaket er ferdigstilt.

2.9.2 Framtidig situasjon - Masseuttak ved Onarheim – sør for Onarheimsvatnet

Det vert lagt inn to nye område for masseuttak, eit sør for Onarheimsvatnet (RU1), tiltaket vil opne for at vegen kan forbestrast på sikt når masseuttaket er ferdig. Arealet er godt eigna for tiltaket, området ligg for seg sjølv med lite busetnad i nærleiken, som er positivt med tanke på potensielt støy og svevestøv. Hovudbergarten her er Metagabbro – som eignar seg godt for uttak av pukkmasse, singel og liknande.

Det vert og lagt opp til eit område ved Søre Espevika på Espevik sør for Onarheim (RU2) i tilknytning nytt næringsareal, for kart over RU2 sjå kap. 2.3.17.



Figur 64: Onarheim - Nytt masseuttak (RU 1).

2.10 Sentrumsføremål Onarheim

2.10.1 Overordna føringar og mål


I regional plan for berekraftige samfunn 2023-2035 av Vestlands fylkeskommune, vert det lagt vekt på at publikumstilbod og arbeidsplassar bør liggja sentralt. I planen står det som følgjer:

«Gode levkår og livskvalitet heng og saman med tilbod knytt til og lokalisering av arbeidsplassar, bustader, skule, barnehage, fritidsaktivitetar og mobilitetsevne/-tilbod. Dette tilseier at publikums- og arbeidsplassintensive tilbod bør ligge i senterområde tilpassa senterstrukturen. Kan hende særleg på mindre stadar med avgrensa tilbod vil samlokalisering vere føremålstenleg for å skapa synergimoglegheiter, meir liv, eit «sentrumsmiljø» og mogelegheiter for å gå og sykle mellom dei...».

2.10.2 Framtidig areal til sentrumsføremål

I dagens plansituasjon er det berre på Ugddal at det er sett av areal til sentrumsføremål. Det har kommen inn fleire innspel i samband med rulleringa som gjeld ønske om sentrumsføremål i Onarheim. Innspela er frå innbyggjarar, lokale verksemder så vel som kommuneadministrative innspel. Aktuelle innspel som er teke med vidare er alle KU-vurdert, i plankartet er innspela samla til to areal med sentrumsføremål (SF 1 og SF 2). Det er eit mål frå kommunen sin side med ein samla plan over sentrum, for å kunne skapa gode kvalitetar og gjera ein heilskapleg vurdering av sentrumsområdet.

Store delar av Onarheim sentrum, særleg ved sjølina, står fram som privatisert i dagens situasjon. Ved å setje av arealet til sentrumsføremål i ny plan, opnar ein for fleire moglegheiter, som til dømes kan vera med på å gjera arealet meir ålment tilgjengeleg på sikt.



Figur 65 Viser nye sentrumsføremål på Onarheim (SF 1 og 2)

2.11 Arealreservar og tilbakeføring til LNF-føremål

Etter ein gjennomgang av areal avsett til LNF i førre planperiode samanlikna med areal avsett til LNF i ny plan, viser det seg at ca. 15000 daa vert tilbakeført til LNF ved rulleringa 2024.

Det har vore gjort ein gjennomgang av areal som enno ikkje er nytta til avsett føremål, der det er vurdert om areala skal vidareførast, eller om dei skal tilbakeførast til LNF, dette gjeld særleg LNF-spreidd bustad. Ved førre rullering vart det sett av veldig store areala til LNF-spreidd bustad, særleg på Reksteren og Hålandsneset - desse områda har difor vore gjennomgått og redusert. Det er stort sett areal kor det i dag finst eksisterande infrastruktur, bustader og kor det ikkje er større konflikter knytt til miljø og samfunn - som vert vidareført ved rulleringa. Forutan Hålandsneset og Reksteren, har og alle andre område avsett til LNF- spreidd bustad vorte gjennomgått og justert i høve til NVE's aktsemdområde for ras/skred/flaum. Når det gjeld LNF-spreidd vil vi og vise til kommunens strategiar som er utarbeida i samband med planen.

Enkelte ubygde område som var avsett til naustføremål i førre planperiode, som er vurdert som mindre eigna til føremålet, er tilbakeført til LNF. Tilbakeføringa skuldast anten at strandsona er ubyggd frå før, det er eit bratt og utfordrande terreng, manglande infrastruktur eller en kombinasjon av desse faktorane. Har det ikkje skjedd noko på staden sidan førre rullering, er behovet gjerne ikkje til stades, eller at grunneigar ikkje har interesse av å realisere tiltaket. Det er elles eit areal på Laukhammar (LNFR 02) som i førre plan var avsett til fritidsbusetnad som er tilbakeført til LNF, spelt inn av grunneigar sjølv. Det vert i samband med rulleringa lagt opp til to nye LNF-område (LNFR 01-02) og to friområde (FRI 01 og FRI03).

2.12 Jordvern – ivaretaking av dyrka mark

Det er et nasjonalt mål at den årlege omdisponeringa av dyrka mark på landsbasis ikkje skal overstige 2 000 dekar - dette målet skal være nådd innan 2030. Målet vart fastsett i oppdatert nasjonal jordvernstrategi vedteke i juni 2023. I nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, er det og lagt vekt på at omdisponeringa av dyrka mark skal reduserast, regional - og kommunal planlegging skal bidra til å få ned talet til ønskt nivå.

Det har i samband med planarbeidet vore eit mål å unngå omdisponering av dyrka mark så langt som råd. Det er gjort fleire plangrep for å spare dyrka mark. I samband med KU-arbeidet er planinnspel som er vurdert å få raud konsekvens i høve dyrka mark (kategori jord - og skogbruk i KU-skjema) i hovudsak ikkje teke med vidare i planarbeidet. Når det gjeld planinnspel der innspelt utbyggingsområde har fått gul-konsekvens i høve dyrka mark, har områda vorte justert i utstrekking slik at dei ikkje lenger inneheld dyrka mark, eller slik at dei berre inneheld eit mindre areal med dyrka mark - helst eit inneklemt areal som ikkje er så lett å driva i dagens situasjon. Kva arealinnspel som ikkje har gått vidare etter KU, grunna for stor konflikt med dyrka mark, og kva innspel som er teke med vidare men som er justert i høve konflikt med dyrka mark, vil gå fram av KU-utredninga og dei individuelle KU-skjema for kvart innspelsområde.

Andre plangrep som er iverksett for å hindra nedbygging av dyrka mark er mellom anna at ein i føresegna som gjeld LNF- spreidd viser til at det ikkje er tillat å bygga nærmare dyrka mark enn 20 m.

I føresegna til planen vert det og stilt krav om gjenbruk av matjord, for å sikra at matjordslaget vert teke vare på og nytta. Det er krav om matjordsplan i byggesaker og reguleringsplanar som tillét omdisponering av dyrka - og dyrkbar mark.

2.13 Kjerneområde for landbruk

Det føreligger pr. i dag ingen vedtekne kjerneområde for landbruk på Tysnes. Landbruket i kommunen utgjør i stor grad spreidde og fragmenterte teigar i mange usamanhengande område. Dette vanskeleggjer prosessen med å kartlegge kjerneområde for landbruk etter metodikken i rettleiar frå landbruksdepartementet. Detaljert lokal kjennskap er naudsynt for å avgrensa kjerneområde for landbruk. På bakgrunn av ovannemnte er ikkje kjerneområde for landbruk lagt inn i plankartet med eigen omsynssone.

Dyrka mark er likevel ein prioritet og vert omtalt fleire stader i føresegna til planen (sjå kap. 2.12 i planskildringa for døme, eller planens vedlagte føresegn). Dyrka mark (derunder overflate - ,fulldyrka mark og innmarksbeite) og skog har og vore eit tema i konsekvensutgreiinga. Ein har i dei fleste høve (unntak finns) søkt å trekke forslag til nye utbyggingsområde ut av område kor det er registrert dyrka mark (sjå elles kap. 2.12 og planens KU).

2.14 Kulturarv - kulturminne og kulturlandskap

Kulturminne er ein viktig del av eit lokalsamfunns identitet og kan i dei fleste høve knytast til opplevinga av natur og landskap. Kulturminne kan såleis vera eit viktig tilskot til lokalt friluftsliv og ein felles dugnadsånd. Kulturminne kan for mange vera eit trekkplaster for å komma seg opp av godstolen og ut i naturen, som igjen er viktig for folkehelsa. Eit godt eksempel på nettopp dette er dei mange tilrettelagte kulturminneløypene rundt omkring i landet som har vorte særst populære dei seinare åra.

Tysnes kommune sin kommunedelplan for kulturminne for perioden 2020-2030, trekk fram lokalt viktige og verneverdige kulturminne og kulturmiljø som skal takast omsyn til i samband med planlegginga i kommunen. Forutan lokalt prioriterte kulturminna (i hovudsak frå nyare tid) har kommunen og mange automatisk freda kulturminne som er forvalta av Vestland fylkeskommune. Desse kulturminna vitnar om busetting på Tysnes så langt tilbake i tid som eldre steinalder, perioden like etter siste istid.

I førre planperiode var det fleire eldre naustmiljø/sjøbruksmiljø avsett med omsynssone kulturmiljø (H570). Omsynssonene tek utgangspunkt i ein rapport som omtalar verneverdige sjøbruksmiljø forfatta av den gong Hordaland fylkeskommune, basert på synfaringar i 1989. I samsvar med kommunens kulturminneplan er fire av desse miljøa vidareført som omsynssoner i nytt kommuneplankart, dei resterande vert ikkje med i plankartet. Mykje har skjedd i området sidan rapporten vart skriven i 1989, fleire av sjøbruksmiljøa er ikkje like «urørt» i dagens situasjon, grunna mellom anna moderne påverknad og fortetting. Nokre døme på nettopp dette er sjøbruksmiljøet på Beltestad som er revet, handselstad Skår kai som er brent, sjøbruksmiljøet på Kubbervik som er ombygd. Elles kan nemnast sjøbruksmiljøet ved Gjerdsvika kvar det i dag er fylt ut i sjø og nyleg bygd fleire naust, slik at sjøbruksmiljøet ikkje lenger har sin opphavslege kontekst.

I samband med statleg vegplan for E 39 (Hordfast) har det over ein to-års periode (2022-2023) vorte utført omfattande arkeologiske registreringar på Tysnes. Registreringane er utført av Vestland fylkeskommune. Undersøkingane har resultert i over 150 nye automatisk freda kulturminne på Tysnes, kor av dei fleste er frå steinbrukande tid.

I samband med rulleringa av arealdelen er det utarbeida ei konsekvensutgreiing (KU), kor kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er eit av fleire miljø - og samfunnstema som er vurdert i høve nye arealformål/utbyggingsområde. I arbeidet med konsekvensutgreiinga har den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden – forvalta av riksantikvaren, og kommunens eigen kulturminneplan 2020-2030 vorte nytta som kunnskapsgrunnlag. Det har og vore dialog med seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune.

Overordna føringar i høve kulturminne Stortingsmelding 16, 2019-2020 – Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold og Stortingsmelding 16, 2004-2005 - Leve med kulturminner er begge viktige overordna dokument i kulturmiljøpolitikken. Her er mellom anna lagt vekt på heilskap og landskapsmessig kontekst:

“Kulturminner inngår nesten alltid i en større helhet med andre kulturminner og med landskapet som omgir dem. Alle landskap, fra tette bylandskap og jordbrukslandskap til tilsynelatende uberørte utmarks- eller fjellandskap, inneholder spor etter menneskene som har brukt dem gjennom tidene. For å forstå både historien og miljøet bedre er det viktig og spennende å se på sammenhengen mellom naturgrunnet og menneskenes bruk av det. Samspillet mellom naturen og kulturen skaper blant annet grunnlag for opplevelser knyttet til friluftsliv, som i seg selv også er en viktig del av landets kulturarv.”

For å ivareta kulturminne og kulturmiljø i kommunen, vil automatisk freda kulturminne som skal vernast vera vist i plankartet med bandleggingssone H730 med tilhøyrande føresegner. Andre verneverdige/viktige kulturmiljø eller kulturminne utan formell vernestatus vil vera vist med omsynssone H570 i plankartet, med tilhøyrande retningsliner i føresegna. I område kor det ligg automatisk freda kulturminne (H730) skal arealføremålet vist i plankartet i hovudsak vera LNF eller grøntføremål, kor det ikkje er opent for utbygging, med mindre noko anna er avklart med den regionale kulturminneforvaltninga.

2.15 E39 mellom Os og Stord - Nye moglegheiter

Ny trase for E 39 på strekninga Stord og Os (Hordfast), har for mange vore eit tveigga sverd. Vegen vil for Tysnes sitt vedkommande leggja beslag på større areal avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål, dette gjeld særleg på Reksteren.

Sjølv om nye E 39 mellom Stord og Os vil leggja beslag på areal forbeholdt LNF, vil den nye vegen samstundes by på fleire nye moglegheiter og fordeler for Tysnes. Her kan ein nemna kortare-, tryggare og betre reiseveg, dels lokalt på Tysnes, men og mellom Tysnes, Stord og Fitjar, og mellom Tysnes, Os og Bergen. Kortare og tryggare reiseveg vil kunne gjera Tysnes til eit meir attraktivt område å bu - raskare pendleveg vil gjera det lettare å bu på Tysnes sjølv om ein jobbar i ein av nabokommunane langs traseen. Det kan og gjera det meir attraktivt for fastbuande på Os, Stord, Bergen og Fitjar å ta seg jobb på Tysnes?

Nye E 39 vil truleg opne for fleire tilreisande til Tysnes, både når det gjeld turisme, yrkessjåførar og andre som reiser i jobbsamheng. Fleire tilreisande kan gje rom for utvikling av næring og derav nye arbeidsplassar, innanfor områda som turisme og handel.

Tysnes har mykje å by på for tilreisande i form av vakre naturopplevingar, kort veg til sjø, bading, fiske, båtliv og ein rik og spennande kulturhistorie, for å nemna noko. Ein realisering av planen vil truleg ha ein positiv verknad på vekst i folketalet, som er eit overordna mål for kommunen i samband med samfunnsplanlegginga.

Realiseringa av nye E 39 ligg framleis fleire år fram i tid, planen har difor ikkje hatt ein stor innverknad på planlegginga av kommunens areal i denne omgang. I løpet av denne planperioden vil ein truleg sjå verknaden av nye E 39, som og gjer det meir føreseieleg når ein skal planleggja for den framtidige utnyttinga av kommunens areal ved neste rullering.

2.16 Andre dokument tilhøyrande planen

I samband med rulleringa av arealdelen har ein sett eit behov for å utarbeida ein strategi for vurdering av byggegrense til KPA. Dette gjeld særleg i høve eldre planar kor byggegrense ikkje er fastsett og særleg i høve byggegrense mot sjø. Når det gjeld spreidd busetting i LNF, vart det sett eit behov for å utarbeida ein eigen strategi til å vurdere områda, kor det er lagt vekt på statlege planretningslinjer for spreidd busetting i LNF (2020). Dokumenta vil gjera greie for kva som ligg til grunn for avgjerder knytt til byggegrense, og avgjerder knytt til arealføremålet LNF-spreidd busetnad. Desse dokumenta saman med føresegner, ROS-analyse og konsekvensutgreiinga (KU), er ein del av ny KPA - og vil såleis liggja som vedlegg til planforslaget.

Eit samandrag av konsekvensutgreiinga, med ei vurdering av planens samla verknader, om planen oppfyller overordna mål og føringar samt måla i samfunnsdelen, vil ein finna i kapittel 3, 4 og 5, sist i dette dokumentet.

2.17 Omsynssoner

Omsynssoner vert nytta for å vise restriksjonar og omsyn som er av vesentleg karakter, og har betydning for bruken av eit areal, uavhengig av arealføremålet. Dei fastsette omsynssonene kan vere knytt til naturgitte eller lovregulerte forhold, eller gi krav til kvalitet og utforming.

Under vert det kommentert kva omsynssoner som er nytta i kommuneplanens arealdel.

Omsynssone for støy er valt å ikkje ha med i plankartet, då vegstøy i utgangspunktet kan endra seg frå år til år, og i takt med utbygging. Det er sikra i føresegnene at støy skal handsamast i tråd med til ein kvar tid gjeldande retningslinjer. Det er eit generelt krav i TEK om innandørs støynivå.

Det er teke eit bevist val om å ikkje leggje inne faresone for marin grense basert på aktsemdområde i plankartet. Vi har valt å ikkje leggje dette inn i plankartet, då omsyn til marin grense, og kvikkleireskred er ei del av dei tinga som jf. TEK17 §7, skal vere ein del av alle plansaker, og byggesaker. Omsynssona vil også ha ei slik utstrekking at den vil dekkje store delar av dei bygde områda i kommunen, grunna nærleiken til sjø.

2.17.1 Sikrings- og faresoner (H310)

Det er lagt inn ei rekke omsynssoner for fareområder. Omsynssonene er i hovudsak utarbeida på bakgrunn av NVE sine aktsemdområde, og omhandlar tema flaum, steinsprang, snørå, og jord- og flaumskred.

Jf. rundskriv H-5718 skal den reelle faren avklarast på siste plannivå. Dette betyr at dersom eit område er avsett til utbyggingsføremål, men samtidig ligg i eit område avgrensa med ei eller fleire omsynssoner i plankart, vil det verte stilt krav om reguleringsplan ved utbygging.

For at eit tiltak skal kunne realiserast utan reguleringsplan, med direkte heimel i kommuneplanens arealdel, må krav til kartlegging, risikovurdering og oppfølging på reguleringsplannivå vera ivareteke gjennom kommuneplanprosessen. I praksis betyr dette at for at eit utbyggingsområde ikkje skal krevje reguleringsplan, må det ikkje vere konfliktar mellom faresoner og utbyggingsføremålet.

I tråd med NVE sine retningslinje 2/2011 «Flaum- og skredfare i arealplanar», er aktsemdområde snøskred, steinsprang, og jord- og flaumskred slått saman til ei flate i plankartet i faresone H310 Ras- og skredfare.

2.17.2 Omsynssone for drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt (H120)

Sikringssoner som er nytta i arbeidet med denne kommuneplanen er sikringssoner knytt til drikkevasskjelder. Sikringssoner for drikkevasskjelder er vidareført i sin heilskap frå tidlegare kommuneplan. Omsynssona, med tilhøyrande føresegner, vert nytta for å sikre at viktige kommunale drikkevasskjelder ikkje vert forureina.

2.17.3 Omsynssone fare skytebane (H290)

Omsynssona vert nytta til å sikre området rundt skytebanane.

2.17.4 Omsynssone kulturmiljø (H570)

Kommunedelplan for kulturminne 2020-2030 vart vedteken av kommunestyret 7. mai 2020. Område som har fått status som kulturmiljø i kommunedelplanen er markert med omsynssone H570 i arealdelen til kommuneplanen. Kulturminnedatabasen «Askeladden» har og vore nytta som eit supplement til kommunedelplan for kulturminne. Det er knytt eigne føresegner til desse omsynssonene.

2.17.5 Omsynssone detaljering (H910)

Omsynssona er nytta der eksisterande reguleringsplanar skal gjelde, delvis eller i si heilskap. For reguleringsplanar der det ikkje er fastsett byggegrense mot sjø, er det lagt inn ny byggegrense i tråd med reguleringsplanens intensjon, samtidig som tilgjenge for ålmenta er teke omsyn til. Sjå liste over reguleringsplanar i føresegnene.

2.18 Bandleggingssoner

2.18.1 Bandlegging for regulering etter PBL (H710)

Tysnes har to område som er bandlagt for regulering etter PBL. Dette gjeld:

- Reguleringsplan for nye E39 Stord – Os (Hordfast) (H710_1)
- Kommunedelplan for fastsamband Huglo (H710_2)

2.18.2 Bandlegging etter kulturminnelova (H730)

Bandleggingszone for automatisk freda kulturminne er lasta opp i plankartet frå Riksantikvarens database «Askeladden». Det er lagt til eit stort tal omsynssoner knytt til nylege arkeologiske registreringar i bandleggingsområde for E39 Hordfast.

2.18.3 Bandlegging etter lov om naturvern (H720)

Bandlagte område omfattar område som er verna med heimel i naturmangfaldlova eller foreslått verna etter naturmangfaldlova.

2.19 Føresegnområde

2.19.1 Føresegnområde – 1 Krav om reguleringsplan

Føresegnområde er nytta i område der det vert stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan, men der området ikkje fell automatisk inn under plankrav føresegnene.

2.19.2 Føresegnområde – 5 Funksjonskrav

Ved område avsett til arealføremålet «1500 – Andre typer nærmere angitt bebyggelse og anlegg» med skildring «naust» er det sett av eit føremål i sjø der det er tillate å etablere tiltak i sjø knytt til naustet. Føresegnområdet stikk som hovudregel 10 m ut i sjø.

2.20 Gjennomføringssone

2.20.1 Gjennomføringssone – Krav om felles planlegging

Ved Onarheim er det sett av fleire område til «Sentrumsføremål». Omsynet bak dette er å få avklart vidare utvikling av området. I seinare tid er det blitt regulert til sentrumsområde i deler av Onarheim sentrum, og ved å setta av tilgrensande område til sentrumsområde ønskjer ein å gje moglegheit for å skape ei heilskapleg plan for Onarheim sentrum, både med omsyn til infrastruktur, men også som eit grep for å ta omsyn til nasjonale føringar for bustadbygging.

3. Samla verknad for alle miljø- og samfunnstema

I dei følgjande to tabellane vil samla konsekvens for kvart miljø- og samfunnstema verte presentert. Samanstillinga tek utgangspunkt i samla konsekvens av kvart arealføremål, som går fram av tabellane i kapittel 2. Føremålet er å få eit oversyn over den samla påverknaden dei nye arealføremåla i KPA – vil kunne ha på miljø- og samfunnstema i kommunen som heilskap.

Arealføremål	Miljøtema						
	Naturmangfald	Kulturmine/kulturmiljø og kulturlandskap	Friluftsliv/grøns truktur	Forureining	Vatn og vassdrag	Strandsone	Jord- og skogbruk
Bustader							
Fritidsbustader							
Næring og hamneområde							
Sentrumsføremål							
Råstoffutvinning							
LNF- spreidd							
Akvakultur							
Småbåthamn							
Naust og småbåtanlegg							
Idrettsanlegg							
Offentleg/privat tenesteyting							
Fritids – og turismeføremål							
Samla konsekvens							

Arealføremål	Samfunnstema				
	Sosial infrastruktur	Transportbehov, energibruk, energiløysingar og klima	Næringsstrategi	Barn- og unges oppvekstvilkår	Samfunnstryggleik/beredskap - fareområde
Bustader					
Fritidsbustader					
Næring og hamneområde					
Sentrumsføremål					
Råstoffutvinning					
LNF- spreidd					
Akvakultur					
Småbåthamn					
Naust og småbåtanlegg					
Idrettsanlegg					
Offentleg/privat tenesteyting					
Fritids- og turismeføremål					
Samla konsekvens					

3.1 Samla konsekvens for alle miljø- og samfunnstema

Når det gjeld miljøtema hamnar naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø, forureining og vatn og vassdrag samla sett på grøn-konsekvens. Friluftsliv, strandsone og jord- og skogbruk hamnar på gult. Som allereie nemnt ved fleire høve, vil store delar av kommunen hamna innanfor grovmaska, registrerte friluftsområde. Det er difor lagt vekt på om dei innspelte områda/areala vil påverka ålmentas tilgang til friluftsliv i området eller ikkje. Når det gjeld strandsone er dei fleste innspelte områda justert i plankartet, slik at dei er trekt ut av 100-metersbeltet (med unntak av naust, småbåthamner, småbåtanlegg og sjøtilknytt næring). Det er difor allereie gjort avbøtande tiltak i kommuneplanen i høve til strandsone. Det same vil gjelde for dyrka mark (tema jord- og skogbruk), dei fleste innspela er justert og trekt ut av dyrka mark, så langt som råd. Det er framleis ein del dyrka mark innanfor areala sett av til LNF-spreidd, men her er det føresegner som ser til at ikkje dyrka mark vert bygd ned. Når det gjeld samfunnstema slår alle tema samla sett ut på grøn-konsekvens.

4. Oppfyller planen statlege og nasjonale målsettingar?

I dei følgjande avsnitta vert nokre av prioriteringane som er gjort for å oppfylle nasjonale/statlege målsettingar og retningslinjer til planlegginga utgreia. I samband med arbeidet er det lagt vekt på overordna dokument som «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027», som bygger på 2030-agendaen og FN'S 17 berekraftsmål. I dokumentet vert det lagt fram fleire føringar for korleis kommunane bør utnytte areala sine, og kva tema som må takast særleg omsyn til for å oppnå berekraftsmåla i samband med planlegginga. Det har i plan- og KU-arbeidet, vore lagt vekt på fortetting i eksisterande bustadområde og på sentrale plassar som Onarheim, Tysnesbygda og Uggdal – slik at større bustadområde ligg med nær tilknytning til servicetilbod, kollektivtransport, barnehage og skule - der dette har vore mogleg.

Jordvern har og vore eit sentralt tema i samband med arbeidet, og dei fleste innspelte areala er justert i høve til dyrka mark. LNF-spreidd områda har føresegn som hindrar nedbygging av dyrka mark, som og tar omsyn til vatn/vassdrag, kulturminne, natur og landskap mm. Rettleiaren (mai 2020) utgitt av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet som gjeld planlegging i LNF-spreidd område, har vore nytta i samband med arbeidet. Det har mellom anna vorte utarbeida eit eige strategidokument for LNF-spreidd i samband med planarbeidet.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen har og vore sentral, særleg sidan store delar av dei bygde areala og sentrale stadene på Tysnes ligg med nær tilknytning til sjø. Det har i planlegginga vore lagt vekt på fortetting i allereie bygde område i strandsona framfor utbygging i urørde område - fellesanlegg i strandsona er prioritert framfor enkeltliggjande naust. Det har elles vore prioritert å trekke nye byggeområde ut av 100- metersbeltet. Dei fleste områda, med få unntak, er trekt ut av 100-metersbeltet der dette har vore mogleg.

5. Oppfyller planen samfunnsdelen sine målsettingar for arealdelen?

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringar for kommuneplanens arealdel. I det følgjande delkapittelet vert det i korte trekk gjort greie for om planforslaget oppfyller samfunnsdelens målsettingar for arealdelen.

Samfunnsdelens overordna målsetting er som tidlegare nemnt:

«Tysnes skal vera eit attraktivt samfunn å bu i !

Tysnes kommune skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å:

- Tilretteleggja for gode bumiljø for både fastbuande og deltidsbuande –
- Medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar –
- Sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår
- Sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg
- Sikra innbyggjarane tilgang til meningsfull fritid
- Sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur.»

5.1 Gode bumiljø for fastbuande og deltidsbuande

I samfunnsdelen vert det presentert strategiar for å oppnå overordna mål og delmål, for å oppnå gode bumiljø for fast- og deltidsbuande vert det lagt vekt på strategiar som:

«Tysnes kommune skal ha ein arealpolitikk som gjev moglegheit for innbyggjarane å busetja der dei har sitt tilhøyre og der dei vil bu...Det skal gjennomførast vidare fortetting og utbygging i etablerte bygdesentra...Det skal leggjast til rette for vidare utbygging i større område avsett til spreidd bustadbygging... Det skal arbeidast for at større utbyggingsområde vert lagt i gangavstand til viktige offentlege tenester og til etablerte handelssentra».

Det er ved rulleringa av arealdelen gjort fleire plangrep for å skapa gode bumiljø for fastbuande og deltidsbuande. Det er lagt opp til fortetting på sentrale plassar, anten ved utviding av eksisterande bustadområde eller ved etablering av nye. Her kan nemnast utviding av bustadfeltet på Jensvoll sentralt i Uggdal, utviding av fleire bustadområde i Våge (Tysnesbygda) samt etablering av eit nytt. Det er og lagt opp til ei utviding av bustadområdet sentralt på Lunde ved Kattaland, og utviding av bustadfelt sentralt på Onarheim, samt etablering av eit nytt. Det er lagt vekt på at bustadfelta skal liggja sentralt, med kort avstand til servicetilbod, barnehagar og skule etc. Til dømes er det lagt opp til eit nytt bustadfelt på Gjerdsvik like utanfor Våge-sentrum, vis a vis skulen.

Ettersom det og er eit ønske at innbyggjarane skal kunne busetja seg der dei har sitt tilhøyre, er det lagt inn nokre fleire areala avsett til LNF-spreidd bustad, der det har kommen inn forslag om slike område, dersom området er rekna som eigna til føremålet. Samstundes har og store areal allereie sett av til LNF-

spreidd bustad i førre planperiode, vorte redusert betrakteleg i storleik. Dette er gjort mellom anna fordi områda var svært store, det var mangel på tilstrekkeleg infrastruktur og/eller at område låg innanfor aktsemdområde for ras/flaum/skred. Dette gjeld særleg på Reksteren og Hålandsneset.

Når det gjeld fritidsbuande er strategien i samfunnsdelen : «*Fritidsbustader skal byggje på gode kvalitetar som nærleik til fjell og sjø...*». Ved ein gjennomgang av eksisterande felt for fritidsbustader vart det vurdert at det stort sett er tilstrekkeleg kapasitet i gjeldande planar, særleg på Reksteren som er ein populær plass for fritidsbustader. Det er lagt opp til tre nye område for fritidsbustader ved rulleringa. To fritidsbustadfelt og eit LNF – spreidd fritidsbustad. Dette gjeld utviding av fritidsbustadfeltet på Nyborg søraust for Onarheim, kor det i dag er lite tilgjengelege tomter. Det vert lagt opp til eit felt for LNF – spreidd fritidsbustad på Onarheim nord for sentrum. Samt eit nytt felt i området Skorpo-Hodnanes, kor der det i dag er ein eldre bustad/gard som vert nytta som fritidsbustad i dagens situasjon. Alle områda ligg med nærleik til sjø, men berre arealet på Skorpo-Hodnanes ligg i sin heilskap innanfor 100-metersbeltet, området er allereie dels utbygd i dag med bustad og naust, det vert stilt plankrav og byggegrense mot sjø. Eksisterande område som ved førre planperiode vert sett av til føremålet vert vidareført, då dei fleste er allereie dels utbygde i dagens situasjon.

5.2 Medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar

For å medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar er mellom anna desse strategiane framlagt i samfunnsdelen:

«...Det skal sikrast areal til utvikling av minst eitt sjønært næringsområde med regionalt potensiale som vil kunne utnytte føremon med sjøtransport samt god tilknytning til E39...Det skal sikrast areal til fiskerihamn. ...Marine næringar skal sikrast areal for vidare vekst, det skal leggjast til rette for landbaserte areal i tilknytning til marine næringar...Det skal leggjast opp til spreidde næringsareal innanfor LNF føremålet...»

Plangrep som har vorte gjort for å medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar er mellom anna ei utviding av fleire av dei eksisterande næringsområda, kor av mange er sjønære/marine næringsareal. Her kan til dømes nemnast næringsområda i Onarheim. Ei utviding gjer verksemdene moglegheit for utvikling og vekst, som til gjengjeld kan skapa nye arbeidsplassar. Utviding av eksisterande næringsområde, framfor nedbygging av urørte område vert og rekna som særleg positivt med tanke på omsyn til miljø- og samfunn.

Det vert og lagt opp til nye næringsareal i område kor arealet vert rekna som eigna til føremålet og kor konfliktnivået er vurdert som lågt eller akseptabelt med tanke på KU-tema og overordna føringar. Her kan nemnast nytt næringsområde på Lunde, kor det i dag er masseuttak, området vil kunne nyttast som næringsområde på sikt. Eller til dømes nytt næringsområde på Vernøya, tiltenkt turisme – i form av utleige av hytte/overnatting og båtplass. Området er i dag nytta som privat eigedom, ved å opna området for turistar og utleige vil ein gjera aktivitetar knytt til nærliggjande natur, sjø og båtliv tilgjengeleg for fleire enn i dagens situasjon.

Det vert og lagt opp til eit nytt område til LNF – spreidd bustad, fritids- og næringsbustad på Lunde. Her er i dag jordbruksaktivitet mm. Forslagnstillar ønsker og bevare områda med dyrka mark. Det er sett plankrav ved etablering av andre tiltak enn LNF-tiltak. Som til dels etablering av camping etc.

Det er og lagt inn nye kombinerte føremål i sjø (AFFNF) som gir rom for mange moglegheiter knytt til marinverksemd og aktivitet.

5.3 Sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår

I samfunnsdelen vert det lagt vekt på at ein skal sikra innbyggjarane trygge og gode oppvekstvilkår, i kommunens strategiar for å oppnå dette er det mellom anna lagt vekt på dette:

«...Tysnes kommune skal sikra barn og unge ei aktiv og meiningsfull fritid som underbygger livsmeistringsoppdraget».

Nye arealføremål ved rulleringa som kan medverka til tryggare og gode oppvekstvilkår er mellom anna idrettsanlegg. Det er lagt opp til idrettsanlegg sør for Onarheim, kor det er føreslått enduro/motorsportbane, det er og sett av areal til idrettsanlegg på Hålandsneset kor det av bygdelaget er føreslått fotballbane. Det vert lagt opp til idrettsanlegg på Lunde – kor det er av bygdelaget er føreslått ridebane. Det er og lagt inn nytt areal for LNF.

Det vert i denne omgang ikkje lagt opp til utviding av skoler og barnehagar, Tysnes skule på Våge vart nyleg utvida. I «Barnehage- og skulebruksplan 2021-2035 for Tysnes kommune» utarbeida av Norconsult, er det oppgitt at alle dei aktuelle skulekrinsane i kommunen har kapasitet. Når det gjeld barnehage har Vågsmarka barnehage på Våge høg utnyttingsgrad og lange ventelister, men det er tilgang på barnehageplass både i Uggdal og på Lunde. Mellom Våge og Uggdal tar det berre 5 minuttar å køyra. Det er dessutan starta utbygging av barnehage på Onarheim.

5.4 Sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg

I samfunnsdelen står det «Tysnes kommune skal sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg!»

Tysnes er tilslutta Helse fonna og har i dagens situasjon, lege og legevakt, psykiatri, ergoterapi, fysioterapi og institusjonsplassar. Det er også heimesjukepleie og heimhjelps teneste i kommunen.

Ved rulleringa vert det lagt opp til eitt område på Lunde avsett til offentleg eller privattenesteyting, forslagsstillar (Lunde bygdelag) fremmar behovet for eldrebustader i bygda. Arealet vert rekna som godt eigna til dette føremålet, det ligg sentralt til på Lunde i gangavstand til mellom anna butikk og buss.

Det vert lagt opp til fem nye areal til sentrumsføremål i Onarheim sentrum, her er og gode moglegheiter for utvikling av både offentleg - og private helsetilbod, samt rom for å kunne etablere mindre bustadar som for eksempel leilegheiter. Helsetilbod bør liggja sentralt og lett tilgjengeleg tilknytt kollektivtilbodet. For sentrumsformåla i Onarheim vert det lagt opp til ein samla plan for å kunne skapa gode kvalitetar og ein heilskap i sentrum.

5.5 Sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid

Nye arealføremål ved rulleringa som kan medverka til ein meiningsfull fritid er mellom anna idrettsanlegg. Som nemnt tidlegare vert det lagt opp til tre nye idrettsanlegg ved rulleringa, det har kommen inn forslag på forskjellige og varierte aktivitetar som motorsport, ridebane og fotballbane. Eit sjønært areal på Onarheim som tidlegare var sett av til fritidsbustader vert ved rulleringa tilbakeført til LNF, dette kan vera positivt med tanke på fritidsaktivitetar i natur.

Småbåthamner vil og gjera sjø- og båtliv meir tilgjengeleg, og kan for mange vera ein attraktiv fritidssyssele. Ved rulleringa vert det lagt opp til to nye småbåthamner samt utviding av ei eksisterande hamn, då det er sett både eit ønske og behov for dette. Småbåthamna ved Gjerdsvika like ved Tysnesbygda (Våge) vert utvida, det vert lagt opp til to nye småbåthamner på Reksteren og ei ny småbåthamn på Lunde. Det vil vera forholdsvis god geografisk spreing på anlegga.

Elles har Tysnes store areal avsett til LNF- føremål med gode tur- og rekreasjonsmoglegheiter i skog, fjell og mark - dei fleste av desse vert vidareført.

5.6 Sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur

Plangrep som vert gjort for å sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur. Det er i planen lagt vekt på å sette av areal til nye bustadfelt på sentrale plassar kor det i stor grad er eksisterande infrastruktur og tilgjengeleg kollektivsamband i dag. Nye bustadfelt fordrar reguleringsplan, det er for kommunen eit mål å sikra tilstrekkeleg og gode infrastrukturløysingar gjennom rekkefølgekrav i reguleringsplanar.

Ved rulleringa er det sett av areal til framtidig infrastruktur i form av gang- og sykkelveg mellom Våge (Tysnesbygda) og Reiso (sør for Våge). Vegforholda for køyrande, gåande og syklande er ikkje optimale på strekninga i dagens situasjon. Ved å setje av areal til føremålet i KPA, sikrar ein moglegheita for ein reguleringsplan på sikt.

I samfunnsdelen er E 39 (Hordfast) trekt fram ved fleire høve. Valt vegtrase er no fastsett, men planen ligg framleis langt fram i tid, det er difor problematisk å ta stilling til og vurdere verknaden Hordfast vil ha for Tysnes i åra som kommer, men traseen er sikra med bandleggingssone som hindrar utbygging som kan komma i konflikt med framtidig trase.